

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Fjaler kommune

Utval: Kontrollutval - Fjaler kommune
Møtedato: 29.11.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Møterom 334
Møtenr.: 4/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sak (027/12) og (031/12), Revisor i sak (027/12)

Melding til: Ordfører (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemer.
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762, eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

025/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
026/12 Skriv og meldingar.
027/12 Overordna analyse Fjaler kommune.
028/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 -2015 Fjaler kommune.
029/12 Selskapskontroll – Lutelandet utvikling – Førespurnad.
030/12 Plan for selskapskontroll – Fjaler kommune.
031/12 Orientering – Teknisk sektor.
032/12 Oppfølgingsliste 4-2012 – Fjaler
033/12 Eventuelt

Fjaler 21.11.2012.

Magne Norddal
- Leiar -


Vidar Øvrebø
SEIKOM-Sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

025/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 21.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.11.2012	025/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

026/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.11.2012	26/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 22-12: Reglement for finansforvaltning Fjaler kommune – Vedteke i kommunestyret 12.11.12, sak 98/12.
- SM 23-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Fjaler kontrollutval – «Prosjektplan – kontroll av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren i Fjaler kommune». Datert 18.09.2012.
- SM 24-12: E-post frå SEKOM-sekretariat til KRYSS-revisjon – «Årsrekneskapen 2011 – Underskrifter frå styret», datert 17. september 2012.
- SM 25-12: Kommunestyresak 081/12 «Referatsaker», datert 1.10.2012.
- SM 26-12: Kommunestyresak 097/12 «Godtgjersle til folkevalde og politiske parti – justering av reglement».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.


Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Figuren under illustrerer forventet avkastning og risiko for noen aktiva-klasser.



Dess høgare risiko ein er villig til å ta, dess høgare kan ein sette den forventede avkastningen. Kva risiko ein er villig til å ta må sjåast på i sammenheng med kravet til avkastning samt føresetnadane i punkt 5 og særskilt vedkommande kommunen sin evne til å bære risiko.

5.1 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål

Forvaltning av likviditet til driftsformål skal sikre at kommunen kan betale sine utgifter ved forfall og samtidig får tilfredsstillande avkastning. Kommunen skal til ei kvar tid ha ein tilgjengeleg driftslikviditet som minst er like stor som forventede likviditetsbehov i dei neste 30 dagar. Kommunens driftslikviditet skal vere tilgjengeleg med maksimalt to bankdagar varsel. Dette medfører plassering med minimal risiko og kort disponeringstid.

Kommunen skal inngå hovudbankavtale for å ivareta behovet for bankteneste og å oppnå best mogleg vilkår for på innskot og betalingstenestar.

Kommunen sine midlar til driftsformål kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid.

5.1.1 Innskot i bank

Kommunen sine likvide midlar kan plasserast i norske spare- og forretningsbankar. Ved plassering skal kommunen gjere ei kredittvurdering av banken, som må ha god eigenkapital og inntening. Storleiken på kommunen sine innskot må vurderast i høve til banken sin storleik og kredittrating. Ordninga med sikring av bankinnskot omfattar beløp inntil 2 mill kr pr. innskytar pr. bank. Bindingstida for tidsinnskot i bank kan ikkje overstige 6 mnd. Tidsinnskot kan ikkje utgjere meir enn 50% av kommunen sine likvide midlar.

5.1.2 Plassering i verdipapirfond

Kommunen kan plassere likvide midlar i verdipapirfond som er forvalta av eit velrenomert forvaltningsselskap og som er del av eit anerkjent institusjon/ finanskonsern. Det skal berre plasserast i fond med rentefølsomheit kortare enn 12 mnd.

Kommunen kan plassere inntil 100% av sin langsiktige kapital i rente-, pengemarknads- og/eller obligasjonsfond (rentemarkedet) som eig verdipapir utsteda eller garantert av den norske stat, statsføretak, kommunar/fylkeskommunar.

5.1.3 Direkte eige av verdipapir

Så lenge kommunen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse på området, og har avgrensa kortsiktige likvidar, er det ikkje aktuelt med einskildplasseringar.

5.1.4 Rammer for plasseringa

Ingen plassering kan ha ei løpetid lenger enn 1,5 år. Gjennomsnittleg lengde på kommunen sin kortsiktige likviditet kan ikkje overstige 0,5 år. Ved val av plasseringar skal kommunen ta omsyn til kjende betalingsplikter.

5.1.5 Likviditet og kredittvurdering

Det skal leggjast vekt på likviditet ved ei kvar plassering.

Før plassering i verdipapirfond skal administrasjonssjefen forvise seg om at plassering i fondet tilfredsstillar kommunen sine krav til maksimal løpetid, kredittvekt og kreditt-rating (min. Standard & Poor's BBB).

Vidare må administrasjonssjefen forvise seg om at forvaltningsselskapet tilfredsstillar kommunen sitt krav med omsyn til eigarskap.

5.2 Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva - UTVIKLINGSFONDET

5.2.1 Heimel, kapital og avkastning

5.2.1.1 Heimel

Fjaler kommune sitt utviklingsfond er oppretta av kommunestyret for å forvalte grunnkapital og avkastning frå inntekter ved sal av Fjaler kommune sine aksjar i Sunnfjord Energi AS til beste for innbyggjarane i Fjaler kommune.

5.2.1.2 Kapital

Som langsiktige finansielle aktiva reknast gjenstående midlar frå ekstraordinært kapitaluttak i Sunnfjord Energi AS i 2000:

- kapitaluttaket frå Sunnfjord Energi AS i 2000	- kr. 24 mill
- 2005 - endring med kr 4,16 mill.	- kr 19,84 mill.
- 2010 – kommunestyre 6.9.10	- kr 19 mill

5.2.1.3 Avkastingsmål

Målet er å oppnå ei verdistigning som er minst like god som marknaden for dei ulike plasseringsalternativa, målt mot kjente og samanliknbare referanseindeks/benchmark.

5.2.2 Avsetning og disponering

Inntektene av fondskapitalen, fråtrekt utgiftene til forvaltning av fondet, skal i driftsrekneskapen setjast av til fondet – under følgjande føresetnader:

- Det er ein føresetnad at det er overskot i kommunerekneskapen for at avkastninga kan tilførast fondet.

- Av inntektene frå fondet skal grunnkapitalen kvart år aukast med eit så stort beløp at realverdien av kapitalen vert oppretthalden, tilsvarande auken i konsumprisindeksen til SSB.
- Avkastninga kan nyttast i samsvar med § 5.2.3 og 5.2.4 i vedtektene. Avkastning som ikkje er nytta fullt ut eitt år, kan nyttast seinare år.

5.2.3 Føremål

Avkastninga frå utviklingsfondet skal nyttast til å legge til rette for og fremje etablering av ny næringsverksemd og utvikling av eksisterande verksemder. Avkastninga kan og nyttast til kommunale utbyggingstiltak som fremjar trivsel, trygger arbeidsplassar og sikrar busetnaden i kommunen.

5.2.4 Stønadsformer

Avkastninga frå utviklingsfondet kan nyttast til heil eller delvis finansiering av kommunale utbyggingstiltak i samsvar med føremålet i § 2.

Avkastninga kan og nyttast til

- å teikne aksjar i næringsbygg, utviklingselskap, utleigebygg og andre verksemder som kommunen etablerer i samarbeid med andre.
- å finansiere investeringar i trivselstiltak som kan medverke til å sikre busetnaden eller på annan måte fremjer viktige tilbod i lokalsamfunnet.

5.2.5 Forvaltning - plasseringsstrategi

5.2.5.1 Bankinnskot

Kan plasserast på same vilkår som kortsiktige midlar, men bindingstida kan ikkje overstige 12 mnd og tidsinnskot kan ikkje utgjere meir enn 20% av kommunen sine likvide fondsmidlar.

5.2.5.2 Verdipapirfond

Kommunen kan plassere langsiktig kapital i verdipapirfond som er forvalta av eit velrenomert forvaltningsselskap som er del av eit anerkjent institusjon/ finanskonsern. Kommunen kan plassere inntil 100% av sin langsiktige kapital i rente-, pengemarknads- og/eller obligasjonsfond (rentemarked) som eig verdipapir utsteda eller garantert av den norske stat, statsforetak og kommunar/fylkeskommunar, samt inntil 30% av sin langsiktige kapital i aksjefond med norske og/eller utanlandske aksjar/risikospreiing.

5.2.5.3 Direkte eige av verdipapir

Så lenge kommunen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse på området, er det ikkje aktuelt med einskildplasseringar.

5.2.5.4 Aktiv forvaltning

Kommunen kan setje bort forvaltninga av den langsiktige kapitalen til ein profesjonell forvaltar. Ved val av forvaltningsselskap må kommunen sine krav med omsyn til eigarskap og kredittrating vere oppfylte.

5.2.5.5 Rammer for plasseringa

Gjennomsnittleg lengde på kommunen sine renteberande plasseringar kan ikkje overstige 5 år.

5.2.5.6 Likviditet og kredittvurdering

Det skal leggjast vekt på likviditet ved ei kvar plassering. Midlane skal være tilgjengelige på få dagar. Før plassering i bank og verdipapirfond skal rådmannen forvise seg om at fondet tilfredsstillar kommunen sine krav til eigenkapital/inntening og kreditt-rating (min. Standard & Poor's A). Vidare skal administrasjonssjefen forvise seg om at forvaltningsselskapet tilfredsstillar kommunen sine krav til eigarskap. Forvaltar skal informerast om kommunens forvaltningskriterier.

5.2.5.7 Allokeringstrategi

<i>Instrument</i>	<i>Maks.</i>	<i>Ref.indeks eksempel *)</i>
<i>Bankinnskot</i>	<i>100%</i>	<i>ST2X</i>
<i>Pengemarknadsfond</i>	<i>100%</i>	<i>30% ST2X</i>
<i>Obligasjonsfond</i>	<i>100%</i>	<i>40% ST4X</i>
<i>Aksjefond</i>	<i>30%</i>	<i>30% OSEBX</i>

*) *ST1X – ST5X = Statens obligasjonsindeks (3 mnd – 5år) i hht valt rentefølsomheit*
OSEBX = Oslo Børs aksjehovedindeks

6. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

6.1 Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av lån i eige vedtak i samband med årsbudsjettet. Slikt vedtak skal som minimum innehalde storleiken på lånet.

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det gjerast låneopptak, godkjenning av lånevilkår og anna forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med bestemmingane i Kommunelova § 50 om låneopptak. Det kan også takast opp lån til refinansiering av eksisterande lån.

6.2 Val av låneinstrument

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap.
- Det kan også leggjast ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

6.3 Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

6.4 Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal gjerast til marknaden gunstigaste vilkår. Det skal normalt hentas inn minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å legge ut sertifikat eller obligasjonslån gjennom å gje ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat. Prinsippet kan også fråvikast ved låneopptak i statsbank (f.eks startlån i Husbanken).

6.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere netto rentebelastning, låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå, for å oppnå lågast muleg renteutgift.

Forvaltninga skal leggjast opp i tråd med følgjande;

- Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
- Rentebetingelsar skal kontinuerleg følgjast opp for å vurdere binding til fastrente
- Fastrentelån kan liggje mellom 0 – 90% av den renteberande låneporteføljen
- Delen av låneporteføljen som har fast rente, bør delast i 1 til 7 års segmentet på ein slik måte at kommunen får lågast muleg refinansieringsrisiko.

For å oppnå ønsket rentebinding, er det anledning til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast i den hensikt å endre renteeksponeringa for kommunens lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal være ut frå ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt. Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje. Det skal berre nyttast større bankar med godt dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved slike kontraktar.

6.6 Storleik på enkeltlån – fordeling av låneopptak

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg.
- b) Enkeltlån skal ikkje utgjere meir enn 40 % av kommunens samla låneportefølje.
- c) Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.
- d) Låneporteføljen skal kontinuerleg vurderast med tanke på reforhandling på heile eller delar av porteføljen
- e) Låneporteføljen kan setjast bort til ekstern forvaltar/rådgjevar etter nærare avtale

7 Rapportering

7.1 Rapportering – generelt

Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august, leggje fram rapport for formannskap og kommunestyret som syner status for forvaltninga av ledig likviditet rekna for driftsformål, langsiktige finansielle aktiva og långjeld.

I tillegg skal rådmannen så snart råd etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

7.1.1 Driftslikviditet og langsiktig finansielle aktiva

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativa i NOK og i prosent av dei samla midlar til driftsformål.
- Eigne rentebetingelsar samanlikna med marknadsrenta.
- Rådmannen sine kommentarar knytt til samansetting, rentebetingelsar/avkastning, vesentlege marknadsendingar og endring i risikoeksponering.

- Rådmannen si utgreiing og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

Rapporteringa skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

	X.tertia			
	NOK	%	Avk. Sidan 31.12.20xx	Benchmark
Innskot i hovudbank				
Fond:				

7.1.2 Rapportering gjeldsportefølgje

For gjeldsforvaltninga skal det rapporterast om følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl, avtaler om finansiell leasing) så langt i året
- Refinansiering av eldre lån så langt i året
- Samansetning av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Egne renter mot 3 md. NIBOR
- Administrasjonssjefen sine kommentarar i forhold til endring i risikoeksponering, gjenværande rentebinding og rentekrav i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande finansierings/refinansieringsbehov.
- Rådmannen sine kommentarar og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

Rapporteringa skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

Instrument	Volum	Renteregulering	Forfall	Renter	Margin
Rentebyttavtalar					
Sum låneportefølje					

9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

9.1 Konstatering av avvik

Kjem det fram avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementets rammer, skal slikt avvik umiddelbart korrigerast i samsvar med reglementet. Avviket og eventuell økonomisk konsekvens av avviket, skal rapporterast til kommunestyret saman med forslag til rutineendring som vil redusere moglegheita for slikt avvik i framtida. Dersom avvik ikkje har vesentleg økonomisk konsekvens, kan slik rapportering utestå til neste ordinære finansrapportering til kommunestyret.

9.2 Risikovurdering

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast følgjande risikovurdering:

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng, som viser kommunens renterisiko angitt i NOK ved ein %-del generell endring i rentekurven.

9.3 Kvalitetssikring

Finansforskrifta krev at kommunestyret skal la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i samsvar med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen får ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt, endra finansreglement. I denne samanheng skal det også rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.

FJALER KOMMUNE

Rutine for:

Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål, gjeld og langsiktige aktiva

Utarbeidet av:
Rådm.: OLH

Godkjent av:
Kommunestyre

Versjon:
2 – 12.11.12

Erstatter versjon
1 – 9.5.11

Side: av:
1 (4)

Dokument nr.:
Fin 01

Formål og omfang:

- Sikre at finansforvaltninga blir utøvd i tråd med finansreglementet, gjeldande lover og forskrift, og at finansforvaltning er gjenstand for betryggande kontroll.
- Rutinen gjelder for kommunes medarbeidarar som arbeider med innlån og forvaltning av kommunens gjeldsportefølgje, likviditetsstyring, kommunens avtaler med finansinstitusjonar og plassering av ledig likviditet herunder langsiktige finansielle aktiva.

Krav til utføring:

Kapittelinnndelinga er i samsavar med finansreglementet og viser korleis dei ulike forvaltningstypene skal følgjast opp.

5.1 Forvaltning av ledig likviditet

5.1.1 Innskot i bank

- Kommunens likviditetssituasjon blir følgt opp fortløpande.
- Kommunen sine midlar til driftsformål kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande papir med kort løpetid.
- Banken må ha god eigenkapital og inntjening og vere medlem av bankenes sikringsfond.
- Bindingstida for bankinnskot kan ikkje overstige 6 mnd.
- Tidsinnskot kan ikkje utgjere meir enn 30% av ledig likviditet.

5.1.2 Plassering i verdipapirfond

- Det skal berre plasserast i fond med rentefølsomheit kortare enn 12 mnd.
- Kommunen kan plassere inntil 100% av langsiktig kapital i rente-, pengemarknads- og eller obligasjonfond som eig verdipapir utsteda eller garantert av den norske stat, statsføretak, kommunar/fylkeskommunar.

5.1.3 Direkte eige av verdipapir

- Einskildplasseringar er ikkje aktuelt

5.1.4 Rammer for plasseringar

- Inga plassering kan ha ei løpetid lenger enn 1,5 år.
- Gjennomsnittleg lengde på kommunen sin kortsiktige likviditet kan ikkje overstige 0,5 år.

5.1.5 Likviditet og kredittvurdering

- Før plassering i verdipapirfond skal krav til maksimal løpetid, kredittvekt og kredittraing kontrollast. Min. Standard & Poor's BBB).
- Kontroller krav til eigarskap.

5.2 Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva (UTVIKLINGSFONDET)

5.2.5 Forvaltning – plasseringsstrategi

5.2.5.1 Bankinnskot

- Tilsvarande som kortsiktige midla. Bindingstida kan ikkje overstige 12 mnd og ikkje vere meir enn 20% av kommune sine likvide fondsmidlar.

5.2.5.2 Verdipapirfond

- Tilsvarande som kortsiktige midlar.

FJALER KOMMUNE

Rutine for:

Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål, gjeld og langsiktige aktiva

Utarbeidet av:
Rådm.: OLH

Godkjent av:
Kommunestyre

Versjon:
2 – 12.11.12

Erstatter versjon
1 – 9.5.11

Side: av:
2 (4)

Dokument nr.:
Fin 01

- Inntil 50% i aksjefond med norsk og/eller utenlandske aksjar/risikospreiing.

5.2.5.3 Direkte eige av verdipapir

- Einskildplasseringar er ikkje aktuelt.

5.2.5.4 Aktiv forvaltning

- Kommunen kan setje bort forvaltninga til ein profesjonell forvaltar.
- Kommunens krav til eigarskap og kredittrating må vere oppfylte

5.2.5.5 Rammer for plasseringa

- Gjennomsnittleg lengde på kommunen sine renteberande plasseringar kan ikkje overstige 5 år.

5.2.5.6 Likviditet og kredittvurdering

- Før plassering i verdipapirfond skal krav til maksimal løpetid, kredittvekt og kredittraing kontrollast. Min. Standard & Poor's A.
- Kontroller krav til eigarskap
- Forvaltar skal informerast om kommunens forvaltningskriterier.

5.2.5.7 Allokeringstrategi

<i>Instrument</i>	<i>Maks.</i>	<i>Ref.indeks eksempel *)</i>
<i>Bankinnskot</i>	<i>100%</i>	<i>ST2X</i>
<i>Pengemarknadsfond</i>	<i>100%</i>	<i>30% ST2X</i>
<i>Obligasjonsfond</i>	<i>100%</i>	<i>40% ST4X</i>
<i>Aksjefond</i>	<i>30%</i>	<i>30% OSEBX</i>

*) ST1X – ST5X = Statens obligasjonsindeks (3 mnd – 5år) i hht valt rentefølsomheit
OSEBX = Oslo Børs aksjehovedindeks

6 Forvaltning av gjeldsportefølgje og finansieringsavtalar.

6.1 Vedtak om opptak av lån

- Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samband med årsbudsjettet. Alternativt eigen saker.

6.2 Val av låneinstrument

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap.
- Det kan også leggjast ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

6.3 Tidspunkt for lånetopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

6.4 Konkurrerende tilbød

- Låneopptak skal gjerast til marknadenes gunstigaste vilkår.
- Det skal hentast inn minimum 2 konkurrerende tilbød
 - Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å

FJALER KOMMUNE

Rutine for:

Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål, gjeld og langsiktige aktiva

Utarbeidet av: Rådm.: OLH	Godkjent av: Kommunestyre	Versjon: 2 – 12.11.12	Erstatter versjon 1 – 9.5.11	Side: av: 3 (4)	Dokument nr.: Fin 01
------------------------------	------------------------------	--------------------------	---------------------------------	--------------------	-------------------------

legge sertifikat eller obligasjonslån gjennom å gje ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat.

- Prinsippet kan også fråvikast ved låneopptak i statsbank (td. startlån i Husbanken)

6.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere netto rentebelastning, låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå, for å oppnå lågast muleg renteutgift.

Forvaltninga skal leggjast opp i tråd med følgjande;

- Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
- Rentebetingelsar skal kontinuerleg følgjast opp for å vurdere binding til fastrente
- Fastrentelån kan liggje mellom 0 – 90% av den renteberande låneporteføljen
- Delen av låneporteføljen som har fast rente, bør delast i 1 til 7 års segmentet på ein slik måte at kommunen får lågast muleg refinansieringsrisiko.

For å oppnå ønsket rentebinding, er det anledning til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast i den hensikt å endre renteesponeringa for kommunens lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal være ut frå ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt. Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje. Det skal berre nyttast større bankar med godt dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved slike kontraktar.

6.6 Storleiken på enkeltlån – fordeling av låneopptak

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg.
- b) Enkeltlån skal ikkje utgjere meir enn 40 % av kommunens samla låneportefølje.
- c) Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.
- d) Låneporteføljen skal kontinuerleg vurderast med tanke på reforhandling på heile eller delar av porteføljen
- e) Låneporteføljen kan setjast bort til ekstern forvaltar/rådgjevar etter nærare avtale

7. Rapportering

- Kvart tertial, jf. tertialrapporteringar i samsvar med skjema/tabell vedlagt finansreglementet.
- Snarast råd etter årets utgang legge fram ein rapport som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

FJALER KOMMUNE

Rutine for:

Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål, gjeld og langsiktige aktiva

Utarbeidet av: Rådm.: OLH	Godkjent av: Kommunestyre	Versjon: 2 – 12.11.12	Erstatter versjon 1 – 9.5.11	Side: av: 4 (4)	Dokument nr.: Fin 01
------------------------------	------------------------------	--------------------------	---------------------------------	--------------------	-------------------------

8. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

8.1 Konstatering av avvik

- Eventuelle avvik skal umiddelbart korrigerast i samsvar med reglementet.
- Avvik og eventuell konsekvens av avviket skal rapporterast til kommunestyret saman med korrigerande tiltak (rutineendring).

8.2 Risikovurdering

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast følgjande risikovurdering: Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng, som viser kommunens renterisiko angitt i NOK ved ein %-del generell endring i rentekurven

8.3 Kvalitetssikring

- Uavhengig kompetanse skal vurdere om finansreglement legg rammer for ei finansforvaltning legg rammer for ei finansforvaltning som er i samsvar med kommunelova og reglar og reglane i finansforskrifta.
 - I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko og rutinar for å avdekke.
- Kvalitetssikring skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyre vedtek nytt, endra finansreglement. I den samanheng skal det og påførast kvalitetssikring av rutinane.

Ansvarsforhold:

- Rådgjevar økonomi

Dokumentasjon og registreringar:

- Sak/arkivsystem
 - Lånopptak
 - Tertialrapportar og årsmelding

Referansar:

- Reglement for finansforvaltning – Fjaler kommune, 12.11.12.
- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning (1.7.10)
- Forskriftens §8 Rutiner for finansforvaltning

Fjaler kontrollutval
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
cl

Arkivkode:
216

Journalnr.:
26/2012

Dokumentdato:
18.9.2012

PROSJEKTPLAN – Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR - sektoren i Fjaler kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:	
Tittel på prosjektet:	<i>Kontroll av sjølvkostberekningar på VAR - sektoren</i>
Tingar:	Fjaler kontrollutval, ved SEKOM-sekretariat, i tingingsdokument av 16.11.2011
Revisjonseining:	KRYSS-Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim
Dato for prosjektplanen:	18.9.2012
Versjon av prosjektplan	I

TINGINGA – KONKRET:	
Problemstillingane:	<ul style="list-style-type: none"> - Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ? - Vert mindreforbruk overført bundne fond, og vert evt fondsmidlar nytta innan gjeldande tidsfristar ? - Er evt. Særtariffar/gebyrsatsar for einsskilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket ? - Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med rutinehandboka for «Kredittpolitikk og fakturering?»
Tidsrommet revisjonen femnar om:	Rekneskapstala for 2010 og budsjettgrunnlaget for 2011
Revisjonskjelder/-kriterium:	Kommunelova -

	Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974 Forureiningslova Overordna analyse 2008 - 2011	- Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester – H 2140
Metodebruk	Dokumentanalyse, rekneskapsanalyse og intervju/samtale med sentralt tilsette i kommunen	
Tidsbruk i prosjektet	Innafor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør. (Om lag 230 timar)	

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:

Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Oppstartsmøte inkl føregåande sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	15imar
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	30 timar
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	22,5timar
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	37,5 veke (15 timar i reserve for uforutsette ting; sjukdom, mistydingar frå intervjuobjekt og andre tilhøve som kan dryge tidsbruken)
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	22,5 timar
rapportskriving	100 timar
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	15 timar

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingsdokumentet. Vil bli gjort i oktober månad.
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Vil bli gjort i oktober månad.
3. Skrivefasen i november månad.
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. I november månad.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. Desember månad.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet. Desember/januar månad.
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet i løpet av desember 2011. Det vil etter tinginga vere om lag ein månad seinare enn føreset.

Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert evt å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.


Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning



Referatsaker

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 01.10.2012	Saksnr 081/12	Saksansvarleg AML
Arkivsaknr 12/870	Sakshands Anne Marie Loneland	Arkiv KRON-	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

01.10.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

KOM-081/12 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12/7142	I	05.09.201 2	Helse Førde	Samhandlingsnytt september 2012
2	12/7283	I	10.09.201 2	Region Vest Statens vegvesen	Brukarfinansiering Fv 57 Dale - Storehagen
3	12/7480	I	17.09.201 2	Tveit Asgeir	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt - Kontroll av økonomistyringa - inntektsida

Godtgjersle til folkevalde og politiske parti - justering av reglement

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 12.11.2012	Saksnr 097/12	Saksansvarleg AHE
Arkivsaknr 09/1112	Sakshandsamar Arve Helle	Arkiv K1-082	

ORDFØRAREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek endringar i godtgjersle til folkevalde og politiske parti slik det går fram av saksutgreiinga.

12.11.2012 KOMMUNESTYRET**Handsaming i møtet:**

Endringsframlegg frå (AP) v/Nina Yndestad:

Pkt 3.1 siste setning.

Ordførargodtgjersla vert sett til 85% av stortingsgodtgjersla med verknad frå 01.01.13.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak m/AP sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-097/12 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek endringar i godtgjersle til folkevalde og politiske parti slik det går fram av saksutgreiinga.

Pkt 3.1 siste setning.

Ordførargodtgjersla vert sett til 85% av stortingsgodtgjersla med verknad frå 01.01.13.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
13	X	06.09.2011		Reglement for godtgjersle til folkevalde og politiske parti

Ikkje trykte vedlegg i saka**SAKSUTGREIING:**

Det avtroppande kommunestyret vedtok i tråd med kommunelova reglement for godtgjersle for folkevalde i inneverande periode.

Ein har i ettertid oppdaga at reglementet inneheld nokre punkt som bør presiserast.

Eg føreslår difor at ein endrar følgjande punkt (endring i utheva kursiv):

3.1 Ordførar

Ordførarvervet vert godtgjort som heiltidsverv. Godtgjersle skal tilsvare statleg lønsregulativ 75 – for tida kr 638.200.

3.2 Ordførar og styreverv

Dersom ordførar med bakgrunn i sitt verv som ordførar har styreverv som i godtgjersle utgjør meir enn **brutto** kr. 50 000 i året, vert det overskytande trekt frå ordførargodtgjersla.

Grunngjeving:

Det bør presiserast at ordførarvervet er eit heiltidsverv. Så lenge kommunestyret meiner det, så treng ein heller ikkje å ha med eit punkt om deltidsverv. Skulle det av ulike grunnar vere aktuelt i løpet av perioden må det søkast kommunestyret om.

Når det gjeld styreverv som følgje av ordførarvervet syns eg det er greitt å presisere at det er brutto inntekt vi snakkar om.

Ordførargodtgjersla har vore drøfta i formannskapet. I reglementet for inneverande periode vart det vedteke at ordføraren skal plasserast i statleg lønsregulativ 75. Det har den konsekvens at justering av godtgjersla ikkje følgjer dei ordinære lønsoppgjera sidan ein ikkje får med dei tillegg ein vanleg arbeidstakar får som følgje av det lokale forhandlingar gjev. I 2012 vil ordførargodtgjersla auke med 2,7%, medan snittet for statleg sektor var 4,1%. I førre periode var ordførargodtgjersla knytt opp til stortingrepresentantane si godtgjersle; ei ordning som stadig fleire kommunane no brukar. Eg syns ikkje det er rett av meg å føreslå justering av dette punktet, så det let eg vere opp til kommunestyret å eventuelt gjere.

3.4 Møtegodtgjersle

Er differensiert i to trinn med høge og låge satsar alt etter arbeidsbelastning i utvalet.

Høg sats, kr 590,- pr møte:

Medlemer i formannskap, kommunestyre, kontrollutval, adm.utval, fast byggenemnd, leiarar i nemnder og adhocutval.

Låg sats kr 400,- pr møte

Medlemer av andre råd, nemnder og utval

Kr 400,- pr møte i tillegg for leiarar i kontrollutval, adm.utval og fast byggenemnd

Leiar av overformynderiet: fast årleg godtgjersle 2% av ordførargodtgjersla

Møtegodtgjersle skal årleg regulerast i samsvar med ordførar si godtgjersle (***verknadsdato 1. januar påfølgjande årsskifte***). Avrundast til næraste 10 kroner.

Det vert ikkje gitt særskild møtegodtgjersle for formannskapsmøte under 2 timar i tilknytning til kommunestyremøte.

Retten til særskilt møtegodtgjersle har heller ikkje medlemmer av utval/ komitear som held korte møte direkte knytt til kommunestyre-/formannskapsmøte.

Grunngjeving:

Sidan mange folkevalde leverer rekning halvårleg eller fortløpande vert justering av møtegodtgjerslene midt i året, representerer dette eit omfattande arbeid for administrasjonen. Samstundes utgjer det svært små beløp for den enkelte.

Det blir difor langt enklare om ein nyttar 1. januar som verknadsdato i staden for 1.mai.

4.2 Ulegitimert tap

av arbeidsinntekt vert gitt til sjølvstendig næringsdrivande og heimearbeidande.

Arbeidstakarar som er oppsett på nattevakt i turnus før møte har rett til kompensasjon dersom ein ikkje har hatt høve til å endre/byte vakt. ***Dette gjeld også dei som skal jobbe ettermiddagsvakt på møtedagen dersom møta varer utover 4 timar .***

Skal det gjerast unntak frå dette (grunna t.d sein møtestart) skal dette godkjennast av ordførar.

Her pliktar arbeidstakar å gjere avtale med ordføraren på førehand utfrå stipulert møtetid.

Ulegitimert tap vert dekket med kr 160,- pr time, medrekna reisetid. Inntil kr 1 600,- pr dag.

Grunngjeving:

Slik reglementet er utforma no kan det tolkast som om ein arbeidstakar i turnus har rett på kompensasjon dersom ein skal på ettermiddagsvakt på møtedag.

Eg meiner dette må regulerast av møta si varigheit og føreslår ei grense på 4 timar før ein har rett på kompensasjon.

Det vil vere urimeleg dersom t.d eit møte på ein time på føremiddagen skal gje rett på fri frå ettermiddagsvakta.

Det er sjølvstendig vanskeleg å vite nøyaktig kor lenge eit møte vil vare, men i dei fleste tilfelle vil ein i samråd med ordføraren kunne stipulere det.

7. Telefongodtgjersle

Folkevalde får godtgjersle for telefon og breiband etter følgjande regulativ:

<i>Varaordførar</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Formannskapsmedlemmer</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i kontrollutval</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i administrasjonsutval</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i overformynderi</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i eldreråd</i>	<i>500 kr</i>
<i>Ordførar i UK</i>	<i>500 kr</i>

Ingen kan motta meir enn ei godtgjersle pr år.

Grunngjeving:

Tidlegare har ein fått dekket ei abonnementsavgift for fasttelefon. I dag er det få som har fasttelefon, og i staden er det mobiltelefon og breiband som er dei viktigaste hjelpemidla. Eg meiner det er ryddigare heller å betale ut ei godtgjersle for bruk av mobiltelefon og breiband i samband med ververt som folkevald.

Eg føreslår også å ta vekk denne godtgjersla til ordførar då den allereie er regulert i punkt 7.2.

12.2 Økonomisk støtte til partia

Kommunestyret løyver kommunale midlar til dei politiske partia som til ei kvar tid er representerte i kommunestyret. Dette som eit tillegg til det fylkesmannen betalar ut.

Kommunal støtte:

kr. 5.000 pr politisk parti

kr. 700 pr kommunestyremedlem.

Den kommunale støtta vert betalt ut i januar kvart år.

Grunngjeving:

Normalt har denne støtta blitt betalt ut i november. Eg føreslår at utbetaling skjer i januar då partia normalt har utgifter knytta til reise og opphald på fylkesårsmøte i februar/mars.

027/12 OVERORDNA ANALYSE– FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 21.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.11.2012	027/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Oversendingsbrev frå KRYSS-revisjon til Kontrollutvalet i Førde kommune, datert 13.11.12.
- Dokumentet «Overordnaanalyse for Førde kommune» med vedlegg, datert 05.11.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 021/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet «Overordnaanalyse for Fjaler kommune» med vedlegg, datert 05.11.2012 og presentasjon av Overordna analyse av KRYSS-revisjon i møtet.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016.
- Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som eiga sak.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OVERORDNA ANALYSE– FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalssak 021/11 ”Overordna analyse”, vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå KRYSS-revisjon.

Vi vel å handsame overordna analyse i eit møte før møtet om plan for forvaltningsrevisjon for å gje kontrollutvalsmedlemene høve til å setje seg godt inn i overordna analyse og ha høve til, etter at overordna analyse er presentert av revisor, å tenkje gjennom kva forvaltningsrevisjonsprosjekt ein bør prioritere i plan for forvaltningsrevisjon.

KRYSS-revisjon har no utarbeidd overordna analyse. Denne er datert 05.11.2012. KRYSS-revisjon presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Denne vert lagt fram i eiga sak. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2012 – Førde kommune», i denne omgong gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet i Fjaler kommune
v/SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.:
Vedtak i KU i Fjaler,
Bestilling Kontrollutvalet

Vår ref. :
\\f\overordnaanalyse Forde

Arkivkode :
216

Journalnr. :
035 / 2012

Dokumentdato:
13. november 2012

OVERORDNA ANALYSE, 1429 FJALER KOMMUNE

Det vert vist til vedtak i kontrollutvalet i Fjaler og til bestilling av 'overordna analyse' for Fjaler kommune. Det er bedt om at KRYSS Revisjon skulle ta på seg dette arbeidet og få utarbeidd ein ny overordna analyse som skal kunne nyttast som grunnlagsmateriale for utarbeiding av ei plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll/selskapskontroll i Fjaler kommune inneverande valperiode.

I vårt arbeid har vi innhenta oppdatert informasjon frå administrasjonen i kommunen. Vi viser i den samanheng til vårt skriv av 07.02.12 til rådmannen. Vi viser også til rådmannen sitt svarbrev tilbake til oss, m/vedlegg, d. 06.03.12, og i e-post av 13.11.12. Her kjem rådmannen med fleire konkrete innspel på moglege kontrollområder å gjennomføre forvaltningsrevisjonar på og som han ser nytteverdi i. Vår opplisting i punkt 5.2, bakerst i analysedokumentet må sjåast i samanheng med rådmannen sine innspel. Vi kunne ha supplert vår opplisting i punkt 5.2 med innspela frå rådmannen, men har valgt å legge ved rådmannen sitt brev. Ikkje alle vedlegg er lagt ved analysedokumentet.

Det har vore eit omfattande kartleggingsarbeide der ein har prøvd å halde fokuset på eit overordna nivå slik forskriftene stiller krav om. Dette har vore ein vanskeleg balansegang, men det er vår oppfatning at det som følger i den utarbeidde dokumentasjonen og analysedokumentet skal kunne vere tilstrekkeleg som eit grunnlagsmaterialet for kontrollutvalet og kommunestyret sitt vidare arbeid med å velje ut konkrete kontrollområder/forvaltningsrevisjonar.

Utfordringane vil vere å velje ut dei riktige kontrollområda og det/dei riktige prosjekt med rett fokus som har nytteverdi for forvaltninga og kommunen. Vi minner om at dei folkevalde kan velje ut andre prosjekt enn kva som er nemnde i vedlagde dokument, dersom det er ønskjeleg. Her står både kontrollutvalet og kommunestyret fritt i kva form, omfang og innhald ein forvaltningsrevisjon skal ha og korleis den skal gjennomførast.

Vi vil kunne vere til stades i kontrollutvalet og/eller kommunestyret nå denne saka kjem til handsaming. Vi vil kunne gå gjennom arbeidet som er gjort og gje nærmare informasjon om innhaldet i det som ligg føre, dersom dette er ønskjeleg.


Det vert gjort merksam på at den utarbeidde overordna analysenfor Fjaler kommune har vore til verifikasjon hos rådmannen, etter at vi sende dokumentet m/vedlegg over til han pr. e-post den 07.11.12, og det ligg føre tilbakemelding frå rådmannen i Fjaler pr. e-post av 13.11.12, m/vedlegg. Desse dokumenta sender vi også voer til kontrollutvalet her.

Vi sender med dette over det analysedokument som er utarbeidd frå vår side, m/vedlegg. Vi håper De er nøgde med det som ligg føre og at dette er tilstrekkeleg for Dykkar vidare arbeid.

Kopi av dette skriv, samt analysedokumentet, er oversendt rådmannen og ordføraren.

f.t. Florø, den 13. november 2012

Med helsing


Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Revisjonskontor
Postboks 487, 6801 Førde

VEDLEGG .

Overordna analyse, d. 05.11.12, m/vedlegg

E-post av 07.11.12 frå revisor

E--post av 13.11.12 frå rådmannen, m/vedlegg

Kopi: Ordføraren i Fjaler
Rådmannen i Fjaler



Dagleg leiar/
Revisjonssjef:
Bank:
Org. nr.:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
3705.08.27845
987 608 064 MVA


Dykkar ref.:
Bestilling Kontrollutvalet

Vår ref.:
\\analyse2012\Fjaler

Arkivkode:
216

Journalnr.:
024 / 2012

Dokumentdato:
5. nov. 2012



OVERORDNA ANALYSE
GRUNNLAGSMATERIALE FOR
PLAN FOR GJENNOMFØRING AV
FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

2012



- 1429 FJALER KOMMUNE -

Innhald

1	Bakgrunn	Side 1
2	Føremål	Side 2
3	Korleis er rulleringa av overordna analyse utført	Side 3
3.1.	Modell	Side 3
	Kommunen sin verdikjede	Side 4
3.2.	Risiko	Side 5
3.3.	Identifisering av risikoområda i kommunen	Side 5
3.4.	Rammeverk for god kommunal forvaltning	Side 6
4	Risikoområder i Fjaler kommune	Side 9
4.1.	Produktivitet	Side 9
4.2.	Oppfølging av vedtak	Side 11
4.3.	Økonomistyring	Side 12
4.4.	Måloppnåing	Side 14
4.5.		
5	Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvalt.revisjon ..	Side 15
5.1	Kort om planen	Side 15
	Selskapskontroll	Side 16
	Sluttord	Side 16
5.2	Oversikt over mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forv.revisj. .	Side 18...
5.2b	Oversikt over selskap som Fjaler kommune er eigar, medeigar eller deltakar i	23

VEDLEGG:

Administrativt organisasjonskart Fjaler kommune – oppdatert 2012
 Politisk organisasjonsstruktur Fjaler kommune, oppdatert 2012
 Hovudoversikt drift og investering pr. 31.12.2011
 Inntekter og utgifter i 2011 m/kakediagram
 Teknisk risikovurdering Fjaler kommune, revisjonsabstrakter 2012 m/kakediagram
 Brev av 07.02.12 frå kommunerevisjonen til rådmannen i Fjaler
 Rådmannen sitt svarbrev til revisjonen, d. 06.03.2012 (alle vedlegg ikkje vedlagt; jfr. opplisting i brev)
 Revisjonsberetning for 2011, d. 25.04.12
 Revisor sitt brev av 06.01.12 vedr. risiko for misleghald i kommunen
 Rådmannen sitt svarbrev av 19.01.12 vedr. rådmannen sitt tilsyn vedr. risiko for misleghald

Ikkje vedlagte dokument:

Interne styringsdokument (økonomireglement, finansreglement, delegasjonsreglement, m.fl.)
 Årsmelding og årsrekneskap for 2011
 Økonomi- og handlingsplan for Fjaler kommune
 Kommunedelplanar
 Fylkesmannen sine tilsynsrapportar kring særlovgevinga (ref. www.fylkesmannen.no \ 'Fjaler')
 KOSTRA-nøkkeltal for Fjaler kommune 2011 og oppdatert pr. okt. 2012 (ref. www.ssb.no \ 'Fjaler')

1 Bakgrunn

Hausten 2008 (d. 25.09.2008) utarbeidde KRYSS Revisjon ein overordna analyse for Fjaler kommune sitt kontrollutval. Denne vart seinare handsama av både kontrollutvalet og av Fjaler Kommunestyre. Dokumentet vart nytta som grunnlag for utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll/selskapskontroll. Dagens forskrifter stiller krav om rullering av analysedokumentet og at det skal vedtakast ein ny plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariat har teke opp spørsmålet om rullering av den eksisterande overordna analysen, der KRYSS Revisjon er beden om å gjennomføre dette arbeidet.

I forskrifter for Kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004, er det lagt opp til at Kontrollutvalet minst ein gong i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forskriftene stiller krav om at planen skal byggje på ei *overordna analyse* av kommunen si verksemd ut frå vurderingar av risiko- og vesentlegheit. Oppgåva er forholdsvis ny og ansvaret for både den overordna analysedokumentet og utarbeiding av planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon er lagt til kommunestyret og kommunen sitt kontrollutval.

Planen bør rullerast jamnleg og grunnen til dette er at kommunane stadig er under omstilling og står overfor stadige endringar og større utfordringar. Risikoområda vil såleis kunne vere under kontinuerleg endring. Som ein del av dette er ansvaret for forvaltningsrevisjon lagt til kommunen sitt kontrollutval. Det er kontrollutvalet i samarbeid/dialog med Kommunestyret som må bestille dei konkrete forvaltningsrevisjonar, følgje opp gjennomføringa av prosjekta og rapportere tilbake til Fjaler Kommunestyre. Kommunen sin revisor vil vere den utøvande funksjonen i dette arbeidet.

Fristen for å utarbeide ein oppdatert overordna analyse og vedta ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon er innan utgangen av 2012. Revisor tok opp tinginga frå kontrollutvalet i brev av 07.02.12, sendt rådmannen. Rådmannen gav tilbakemelding på dette i brev m/vedlegg av 06.03.2012. Det er lagt ned eit ikkje ubetydeleg arbeide frå revisor si side for verifikasjon av status i forvaltningsapparatet innafor Fjaler kommune. Sjølv om det har skjedd ein del endringar i forvaltninga, og konstatert at det er gjort ein del endringar i styringsdokument og tilsette er slutta og kome til, ser at ein at det som har vore lagt til grunn i tidlegare tilsvarande dokument, framleis er relevant informasjon i ei oppdatert overordna analyse for Fjaler. Rådmannen har gjeve ei fyldig og informativ tilbakemelding på revisor sine førespurnader. Dette dokumentet er teke inn som vedlegg til saka.

Endringane i forskrifter for kontrollutval og revisjon, som vart sett i verk frå 1. juli 2004, er eit tiltak frå lovgjeverane for å forsterke forvaltningsrevisjonen med tanke på auka kvalitet, omfang og effektivitet i den kommunale tenesteproduksjon, og den kommunale forvaltninga generelt. Ein har i dette arbeidet bygt vidare på det analysedokumentet som låg føre hausten 2008, der revisor sin kunnskap og innsikt om kommunane og kommuneforvaltninga er samordna kommune for kommune, samstundes som ein også har innhenta ytterlegare informasjon og kunnskap/dokumentasjon frå kommunen sin administrasjon. Ein har i dette arbeidet også nytta seg av informasjon via KOMmunal og STATleg RAPportering (= KOSTRA-informasjon, økonomi- og tenestedata som kommunen sjølv har rapportert inn i databasen), og også fletta inn grunnlagsmateriale og revisjonsfaglege vurderingar som kommunen sin revisor nyttar i sine prioriteringar og vurderingar i høve utarbeiding av ein *årleg* revisjonsplan for kommunen. Med bakgrunn i dette materialet gjorde revisjonen eit forholdsvis omfattande arbeid ved første gongs framskaffing av informasjon til, og for å

utarbeide, ei overordna analyse av Fjaler kommune, og konkluderte på dette. Det er dette materialet som er gjennomgått på nytt, saman med ny informasjon og ny kunnskap no, og som er samanfatta og som vert presentert som ei *rullering av overordna analyse av Fjaler kommune* i dette dokument. Bakerst, som vedlegg, ligg det føre nokre framlegg til moglege innspel og idèar til ein årsplan for forvaltningsrevisjon. Vi viser her også til dei innspel som ligg føre frå rådmannen si side i brev av 06.03.12. Kontrollutvalet og kommunestyret i Fjaler kommune står heilt fritt i sine vurderingar/prioriteringar, og kan velge ut det ein måtte ønskje å sjå nærmare på. Det er imidlertid eit krav i gjeldande forskrifter at det skal gjennomførast minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt i kvar kommune kvart år. I forhold til intensjonen i dei samarbeida som er etablert i høve økonomiske motiv og føresetnader, bør ein vurdere samordning kommunar imellom med tanke på "gjenbruk" og "fleirbruk" (synergieffektar i arbeidet, osv.). Dette er imidlertid ikkje noko som forskriftene stiller krav om.

2 Føremål

Hensikta med forvaltningsrevisjon er m.a. å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det blir utført forvaltningsrevisjon, vert det sett fokus på økonomi og måloppnåing i ein vid forstand. Med henvisning til Kommunelova § 77, nr. 4, kan *forvaltningsrevisjon* definerast som "*systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar*".

Forvaltningsrevisjon fekk sin heimel ved endringar i Kommunelova allereide den 23.09.1992, (Ny Kommunelov, med verknad frå 01.01.93), og sidan den tid har ein stadig større del av revisjonen sine ressurser blitt nytta til den type revisjonsarbeid. Ved endringar av Kommunelova frå 01.07.2004, er dette ytterlegare forsterka, med eit nytt *Kapittel 12, om Tilsyn og kontroll*, der det også er utarbeidd nye forskrifter for både revisjon av kommunar og om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar for tilsyn og kontroll i eigen kommune. Det øverste tilsynsansvar i kommunen er sterkt påpeika i lovendringane, og dette påkviler heilt og fullt "*Kommunestyret sjølv*"; - dvs. i Fjaler kommune: Fjaler kommunestyre (§ 76), som har Kontrollutvalet (§ 77) og Revisor (§§ 78 og 79) som sine verktøy for å utføre den nødvendige kontroll og det nødvendige tilsyn med både eigenforvaltninga, og selskapskontroll (ny § 80) i dei verksemdar der kommunen har særleg interesser eller medeigarskap.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort, men varierer stort frå kommune til kommune. Mykje avhenger her også kva *appetitt kommunen sitt Kontrollutval* har til dette. Ein kommune står overfor betydelege utfordringar. Sentrale myndigheiter, og også innbyggjarane, stiller stadig større krav til tenester og kvalitet og omfang på desse. Myndigheitene stiller også større krav til økonomisk effektivitet og at kommunane vert drifta kostnadseffektivt. I tillegg har ein marknaden som bidreg til auka konkurransen om kompetansen i den offentlege forvaltninga. Det er også eit faktum at det i det offentlege har vore, og framleis er, eit manglande samsvar mellom mål og ressursar.

Dette betyr at kommunen må fokusere meir på styring. Dei politiske styringsorgan og forvaltninga elles (administrasjonen i kommunen) må styre etter fleire variablar (ikkje berre økonomiske data). Dei må ha tettare rapporteringar, kvalitet i rapporteringane, ei tett oppfølging med tiltak, og ei stramare evaluering av måloppnåinga. Det blir såleis stillt større krav til kommunalt leiarskap og kommunalt (offentleg) eigarskap.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg tilsynsorgana – revisjonen og kontrollutvalet - til

- *å synleggjere forbettringsområder som kan bidra til auka produktivitet og måloppnåing i forhold til politiske vedtak, intensjonar og føresetnader*
- *å bidra med informasjon til kommunen sine beslutningstakarar, som kan vere*

til nytte for

- I. kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga
- II. leiinga si vurdering av moglegheiter for meir sparsom/økonomisk drift, auka produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing

Identifisering og utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt er viktig slik at ressursane vert sett inn på riktig område, og kommunen får prosjekt med høg nytteverdi, dvs. at forvaltnings-revisjonen gjev effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.

Tilbakemeldingar frå kommunestyret, kontrollutvalet og administrasjonen i kommunane er at denne type revisjon er interessann og nyttig.

KRYSS Revisjon ønskjer å levere forvaltningsrevisjonsprosjekt som betyr noko for kommunen, politikarane, administrasjonen og innbyggjarane !

3 Korleis er rulleringa av overordna analysa utført?

3.1 Modell


Ein har teke utgangspunkt i modellen som er presentert i figuren på neste side (nedanfor). Til grunn ligg ei tradisjonell *verdikjedeanalyse*, som vi har tilpassa den kommunale organiseringa. For å identifisere truslar som kommunen står overfor, har ein nytta seg av erfaringar frå tidlegare revisjon og den kunnskap og innsikt *revisor* sit inne med om kommunen. I tillegg er det lagt opp til bruk av ein del nøkkeltal frå KOSTRA-rapporteringane (økonomi- og tenestedata). KOSTRA står for KOrmmunal og SStatleg RApportering, og er eit nasjonalt rapporteringssystem der alle kommunar og fylkeskommunar i landet rapporterer rekneskaps- og tenestedata til ein felles informasjonsdatabase i Staten. Analysa bygger for øvrig på moment henta frå anerkjent teori og internasjonale standardar; jamfør revisjonen sine interne arbeidsdokument i høve produksjon av årlege revisjonsplaner overfor kommunen.

Det har i tillegg vore eit tett samarbeid mellom revisor og administrasjonen, der ein har utveksla kunnskap om *oppdraget Fjaler kommune*, og kva kommunen sitt eige kontrollutval har ønskjer og målsettingar om i komande år når det gjeld forvaltningsrevisjon. Revisor har i skriv av 07.02.12 til rådmannen utfordra kommuneleiinga på å kome med innspel på områder som administrasjonen ser det ønskjeleg å få undersøkt nærmare, og kanskje gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt på. Ein har søkt å klargjere roller og få oversikt over dei styringsdokument (eks. delegasjonsreglement, økonomireglement, finansreglement, m.fl.) som gjeld, samt korleis det politiske og det administrative organisasjonskartet ser ut i Fjaler kommune pr. 2012.

Det er i ei viss grad bygt vidare på sentrale styringsdokument som gjev føringar på korleis Fjaler kommune skal driftast; bl.a. årlege årsbudsjett, økonomi- og handlingsplanar, årshjulet, årsrapportar, revisjonspapirer over fleire år, kontrollutvalet sine møtekart/saker og møteutskrifter dei siste åra, spesielle saker, revisjonsrapportar, Fylkesmannen sine tilsynsrapportar, m.v. Alle innspel og refererte dokument er det i ei viss grad teke omsyn til i den analyse som her ligg føre, men er vektlagt på ulikt vis. Det er eit omfattande bakgrunnsmateriale som er underliggende for det dokument som er samanfatta frå revisor si side, der fokuset heile vegen har teke utgangspunkt i *risikoforhold* og *vesentlegheit*, samstundes som ein bevisst har halde

fokuset på eit *overordna nivå* slik forskriftene stiller krav om. Utfordringane her ligg imidlertid til kontrollutvalet og kommunestyret å velge ut *riktige* kontrollobjekt med *rett* fokus, der "*dypdykk*" skal gjennomførast som eigne forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Iflg. Kommunelova vil den overordna målsettinga til kommunen vere *rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteresser*. For å nå dette målet må kommunen ha ei *god måloppnåing, rett oppfølging av vedtak, god økonomisk styring og ein optimal produktivitet*. Disse fire forholda blir vidare definert som føresetnader for å nå hovudmålet.



Figur: Kommunen sin verdikjede

I verdikjeden blir verdiane i kommunen skapt. Verksemda/kommunen sine primæraktivitetar ligg i verdikjeda. Input (innsatsfaktorane) er til dømes tilsette, utstyr, bygningar og kapital. Aktivitetane er dei arbeidsoppgåvene som tilfører verdi til dei ulike tenestene (output).

Støttefunksjonar er funksjonar som gjer at kommunen er i stand til å utføre primærfunksjonane. Dette er styring, organisering og leiing, rutinar, prosedyrer, prosessar og system, kultur/væremåte og haldningar. I tillegg må ein kommune kunne forhalde seg til rammevilkår og samfunnsmessige forhold, t.d. ytre faktorar gjevne av Staten, og krav og rettigheter frå brukarane av dei kommunale tenester (innbyggjarane i kommunen). Endringar i rammevilkår kan vere endringar i inntektssystemet, rammeoverføringar, budsjettbevilgningar, og endringar i rente-/ eller løns- og prisnivå, m.v.

I ei viss grad er det er lagt opp til bruk av KOSTRA-data for å identifisere risiko knytta til dei ulike føresetnadene. Dette blir gjort ved ei benchmarkanalyse (samanlikning) av sentrale nøkkeltal i kommunane, samanliknbare kommunar, osv. Dette er økonomi- og tenestedata som kommunane sjølve har rapportert inn til den sentrale databasen; - gjennom kvartalsvis og årlege innrapporteringar. *Frå revisor si side er det nytta reint revisjonsfaglege vurderingar og skjønn i høve risiki og vesentlegheitsvurderingar knytta til kommunen si forvaltning.* Desse vurderingane er tekne inn i eit *teknisk risikovurderingsskjema* (som i seg sjølv er eit dokument unnateke offentlegheit) forbeholdt *oppdragsansvarleg revisor* (administrasjonen har ikkje innsynsrett i revisjonsplandokumenta), men totalkonklusjonane og prioriteringane som revisor har gjort i høve risiki- og vesentlegheitsforhold, er i ei viss grad hensynteke i det som ligg føre her. Desse er visualisert gjennom eit kakediagram med dei abstrakte talstørrelsar, og viser risiki- og vesentlegheitsforholda, vurdert frå revisor sin ståstad. Dette fortel likevel ikkje noko om omfang og innhald i revisjonen sitt arbeid. Dette følgjer som vedlegg til dette dokument.

3.2 Risiko

Risikovurderingar og målsettingar heng nøye saman. Ei risikovurdering består av å identifisere relevante truslar når det gjeld oppnåing av kommunen sine målsettingar. Ein risiko i denne samanheng tyder berre at det er ei moglegheit for tap; - ikkje oppfylling av mål.

Det finst, eller bør finnast, ei rekke målsettingar i kommunen. Målsettingar kan vere kommunen sine strategiar og verdier eller målsettingar for dei einskilde tenestene, for rekneskapsrapportering, eller generelt for å halde drifta innan lover og reglar og vedtak.

Det er kommunen sitt interne kontrollsystem (administrative rutinar) som skal identifisere/avdekke og motverke risikoforhold. Risiko kan skuldast både eksterne og interne faktorar. Eksterne faktorar kan vere ny lovgjeving eller nye reguleringar/endringar, eller omstillingar, nyorganisering, etc., som gjer at driftsplanar, delegasjon, rammeverk og strategiar må endrast. Det kan også ha med økonomiske endringar å gjere. Desse kan ha innverknad på avgjerdslar/ beslutningar om finansiering eller kapitalutgifter. Interne faktorar kan vere eit samanbrot i IKT-systema, e.l. Dette kan ha stor innverknad på drifta eller endringar i leiinga som påverkar måten einskilde kontrollrutiner vert utført på.

Etter å ha identifisert ein trussel, må ein vurdere kor stor risikoen er. Ein trussel som ikkje har nokon betydning eller konsekvens for kommunen, og som med lav sannsynlegheit vil inntreffje, er det mindre grunn til å uroe seg over. Risikoen vert difor fastsett av to forhold; *konsekvensen og kor vesentleg eit forholdet er, og kor sannsynleg det er at dette vil kunne skje.*

3.3 Identifisering av risikoområde i kommunen

Den overordna analysa består i å identifisere eksterne og interne faktorane som utgjer risiko for at kommunen ikkje skal nå føresetnadene. Det er eigenskapar ved dei fire støttefunksjonane som avgjer kva slags risiko det t.d. er for at kommunen ikkje har ei god økonomistyring.

Analysa er utført ved hjelp av eit forholdsvis detaljert skjema knytta til kvar av dei fire føresetnadene. Revisor sine vurderingar er vertikalt knytta til dei ulike forvaltningsområda, på tvers av organisasjonsstrukturen, og er talfesta. Om ”kommunen har formulert strategiar/overordna mål for den økonomiske utviklinga inneværende år, og på lengre sikt”, er eit spørsmål som Revisor stiller for å finne ut om styringa, og måten styringa skjer på, er eit risikotilhøve i seg sjølv. Forhold som seier noko om kva slags risiko rutinar og system utgjer i forhold til god økonomistyring, vert vurdert mot omfanget og kvaliteten på dei rutinar og kontrolltiltak som skal sikre korrekt økonomisk informasjon til rett tid.

Utfyllinga av skjemaet er gjort ved ein dialog i revisorteamet og mellom forvaltningsrevisor og rekneskapsrevisor (oppdragsansvarleg revisor), der ein også har lagt til grunn informasjonshenting som revisor har søkt å innhente frå frå kommuneadministrasjonen; jfr. brev 07.02.12 frå revisor og svarbrev av 06.03.12 m/vedlegg frå rådmannen i Fjaler.

Dette betyr at det i det alt vesentlege er lagt opp til ei besvaring basert på den erfaring, kunnskap og innsikt kommunen sine revisorar har om oppdraget Fjaler kommune, med supplement frå det administrasjonen har gjeve i sine tilbakemeldingar. Det må her også nemnast at sentrale kommunale dokument som årsbudsjett, årsrekneskap, årsmeldingar, økonomi- og handlingsplanar og andre plandokument, etc., er gjennomgått for innhenting av naudsynt informasjon. Risiko her blir såleis berre identifisert på eit *overordna nivå*. I bakgrunns materialet som ligg til grunn for analysa, ligg såleis også ei *revisjonsfagleg/teknisk risikovurdering* som er gjennomført av revisor i samband med utarbeiding av revisjonsplan for kommunen/oppdraget, samt dei siste års møteprotokollar frå kontrollutvalet i Fjaler kommune og eventuelle konkrete vedtak som politiske styringsorgan har gjort (om det finst slike).

I sum munnar dette ut i nokre abstrakte talstørrelsar som viser indikatorar på kva områder som bør tillegkast vekt i det komande revisjonsår. Ut frå dette, og den øvrige informasjon som ligg til grunn, har ein søkt å kome fram til ei *uprioritert liste* over kva slags område som er mest risikofylte, eller kva kontrollutvalet bør vurdere å ta med i sine prioriteringar for komande år når det gjeld forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvelginga av forvaltningsrevisjonsprosjekt på bakgrunn av den overordna analysa vil derfor sikre fokus på områder der risikoen er vurdert å vere størst. I dette ligg også innebygt vesentlegheitsvurderingar, gjort av revisor, og ønskjer fremma frå administrasjonssjefen si side. Inklusive i dette ligg det også at det kan vere hensynteke spesielle problemstillingar som administrasjonen av ulike grunnar ønskjer nærmare vurdert, eller områder som administrasjonen sjølv faktisk ønskjer nærmare tilsyn og kontroll på.

3.4 Rammeverk for god kommunal forvaltning :


Dei viktigaste føremåla med å ha etablert ei trygg og god kommunal forvaltning, er at det blir skapt, og at ein opprettheld, eit tillitsforhold mellom kommunen og omverda. Innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestene, er viktige aktørar i dette, men det er også viktig at tilliten blir oppretthalden også i forhold til forretningsmiljøet, næringslivet og myndighetene. Med forretningsmiljø og næringsliv forstås ein i denne samanheng det lokale næringsliv, bank

og finans-/kredittinstitusjonar, leverandørar, kundar, lokale foreiningar, lag og organisasjonar, andre kommunar og eventuelle interkommunale samarbeid i regionen/distriktet.

Lokalforvaltninga - som ein kommune og kommunestyret *er* i denne samanheng – er styrd av myndigheitene gjennom lover og forskrifter, og myndigheitene fører sjølv kontroll og har tilsyn med lokalforvaltninga i den løpande drifta. Her spelar også media ei etterkvart ikkje ubetydeleg rolle; i forholdet mellom kommune og den omverdenen kommunen skal ha tillit ifrå. Ved å etterleve dei grunnleggande prinsippa i god kommunal forvaltning (internasjonalt nemnt som: "Corporate Governance"/God verksemdstyring), vil også forholdet til media kunne byggast på ein positiv måte for alle partar ved at kommunen har åpenheit omkring saker, saks-handsaming og vedtak.

I perspektivet *god kommunal forvaltning* er det viktig at Kommunestyret - som direkte etter lova framstår som det øverste myndighetsorgan og samstundes også skal opptre som det øverste tilsynsorgan i kommunen -, ivaretek behovet for tilsyn og kontroll på ein tilfredsstillande måte. Ansvar er nedfelt i kommunelova, og bevisstgjer og understrekar viktigeita av tilsyn og kontroll. Årsaka er enkel: Innbyggjarane og skattebetalarane skal ha tillit til at kommunen forvaltar fellesskapet sin interesser på best mogleg måte, og etter dei politiske avveiningar og prioriteringar som til eikvar tid blir gjenspeila i kommunestyret si samansetting, og gjennom dei intensjonar og premissar som blir lagt i kvart års budsjettvedtak. I dette ligg det at ein skal strebe etter å få best mogleg tenesteyting ut av kvar krone i årsbudsjettet. Rådmannen sine viktigaste oppgåver er å sørge for at beslutningsgrunnlaget for politiske vedtak er tilfredsstillande og grundig gjennomarbeidd, og at politiske vedtak blir effektuert og gjennomført, og at kommunen elles følgjer dei bestemmelsar som gjeld for forvaltninga. Eit velfungerande samarbeid med god kommunikasjon og åpenheit mellom politisk leing og administrasjonen, anser ein som ein grunnleggande føresetnad for god kommunal forvaltning.


Gjennom følgjande skisse/figur prøver vi å beskrive *kommunal organisering og rammeverket for god kommunal forvaltning*:



Den til eikvar tid sittande kommunalminister har sidan 2008 gjeve klare meldingar om at det skal stillast strenge krav til tilsynsfunksjonane i kommunen, og at kontrollutvalet vil få større ansvar og fleire oppgåver framover. Kommunal og Regionaldepartementet har gjeve ut 85 tilrådingar som har fokus på kommunal eigenkontroll i kommunane. Det same har Riksrevisjonen og Riksrevisor gjeve uttrykk for dei siste åra. Kommunen må såleis sjå til at det blir avsett tilstrekkeleg med ressursar for å ha tilfredsstillande tilsynsfunksjonar med eigen forvaltning. Kontrollutvalet er Kommunestyret sitt tilsynsorgan, og det er nettopp kontrollutvalet som skal sikre at oppgåvene blir skjøtta tilfredsstillande ved bl.a. å

- ☉ gjennomføre ei overordna analyse (risikovurdering) av kommunen si evne til å etablere og gjennomføre målsettingar og strategiar
- ☉ lage ei plan for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune
- ☉ bestille tenester for å kunne gjennomføre det som står i planen
- ☉ gjennomføre forvaltningsrevisjon (etter ein bestillar-utførar-modell)

Gjennom *figuren* nedanfor beskriv vi det interne og det eksterne tilsyn i kommunen:



4 Risikoområder i Fjaler kommune

4.1 Produktivitet

Produktivitet er forholdet mellom ressursane som kommunen set inn og tenesta/-ene som blir utført/levert. Dvs. kor mykje kommunen klarer å ”produsere” ut frå dei tilgjengelege ressursane som ligg innebygt i driftseiningane sine budsjetttrammer.

Fjaler kommune var tidlegare organisert med ein tradisjonell etatsstruktur, som var ein etablert organisasjonsmodell i kommunen i mange år. Kommunen har ein periode (sidan 1999/2000) bak seg med ein *flat organisasjonsstruktur (2-nivå-modell)*, med eit leiarteam bestående av administrasjonssjefen (rådmannen), rådgjevarar og økonomisjef, med eige ”Sørviskontor” og *folkehelsekoordinator* (som inngår som støttefunksjonar i rådmannen sin stabsfunksjon). I tillegg er administrasjonen organisert i 18 meir eller mindre sjølvstendige driftseiningar (inkl. NAV, HAFS interkommunale barnevernteneste, Fjaler/Hyllestad kulturskule og Landbruk Askvoll/Fjaler). Organisasjonsmodellen er ikkje evaluert og det ligg ikkje føre noko som tilseier at det er ynskje om å endre denne. Kommunen har stabil arbeidskraft i nøkkelstillingar, og må betraktast som ein ”sett organisasjon”, der oppgåver og ansvar er klart definerte tenesteområda og sentraladministrasjonen imellom. Kommunen har eit sett av plandokument, og mange interne styringsdokument, reglement, m.v. Alle desse er handsama og vedtekne av Fjaler kommunestyre. Det er lagt ned ein del arbeid med å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar, og kommunen er med i interkommunale samarbeid på ulike områder innafor regionen som kommunen soknar til.

Gjennom ei rekke overordna, vedtekne styringsdokument fortel ein korleis kommunen skal driftast og styrast, og kva tenesteomfang som skal vere etablert overfor innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestilboda. I dette ligg også innebygt overordna målsettingar og prioriteringar. Slike overordna mål er ein nyttig reidskap for å analysere og effektivisere tenestene. Ikkje alle målsettingar er klart nok definerte, eller er kanskje vagt formulerte, eller på einskilde områder kanskje manglar heilt, og kanskje ikkje er nedteikna eller dokumenterte på ulike tenesteområder.

Det kan vere interessant å vurdere i kva grad målsettingane vert nådd. Uansett bør ein ha dette ’i mente’ når ein framover vurderer risikoforholda i kommunen. Ein må i denne samanheng også hensynta vurderingar knytta til kommunen sine deltakingar i interkommunale samarbeide om SYS IKT, Økonomi, PPT, Landbruk, barnevern, Samhandlingsreforma, SYS IKL (interkommunale legevaktsamarbeid), m.m., i regionen. Det er ulike planar for effektivisering og modernisering av driftsmodellen i ein kommune, men framdrifta i dette er enno ikkje fastlagt for Fjaler kommune. Ein evaluerer likevel fortløpande dei interkommunale samarbeid som kommunen pr. dato er involvert i, samstundes som ein vurderer nye samarbeidsformer på ulike områder med nærliggande kommunar i regionen. Også desse forholda kan det vere interessant å sjå nærmare på; - om kommunen har fått nokon nytteverdi av dei ’investeringar’ som er gjort frå kommunen si side i dei etablerte samarbeida.

Kommunen har oppretta eigne resultatiningar, og kommunen har framleis eit detaljert spesifikasjonsnivå på både budsjett og rekneskap. Omorganiseringa til *ein flat organisasjonsstruktur* har ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen, er sett ut til dei ulike driftseiningane/tenesteområda, eller er koordinert gjennom rådgjevarteamet i administrasjonssjefen (rådmannen) sin stabsfunksjon. Dette gjeld bl.a. budsjettoppfølging/ rekneskapsrapporteringar, tilvising av timelister/fakturaer, og oppfølging av ulike refusjonsordningar, og handtering av regelverk knytta til dette. Dette tyder at relativt mange tilsette må vere opp-

datert på det same regelverket. Førning av løn/timelister, registrering/kodesetting av inngåande fakturaer og fakturering av kommunale tenester, har tidlegare vore sentralt forankra; høvesvvis på løns- og personal-kontoret, og på økonomiavdelinga/rekneskaps-kontoret (Kommunekassa). I dag kjøper kommunen scanner-tenester frå Førde kommune når det gjeld inngåande fakturaer. Ansvar for aktuelle refusjonskrav/refusjonsordningar for eit tenestemråde, ligg i dag i utgangspunktet til den einskilde driftseining, men i praksis vert dette følgt opp av sentraladministrasjonen. Her ligg det utfordringar i at ”*saker og ting ikkje fell mellom to stolar*”!

Driftseiningane rapporterer forholdsvis tett inn imot toppleiinga, som igjen syr saman dette i standardrapporteringar til dei politiske styringsorgana (Formannskapet og Kommunestyret). Her er rådmannsteamet (rådmannen og rådgjevarane og einingsleiarane) sentrale i den rapportering som skjer vidare til dei politiske styringsorgana.

Fjaler kommune har også omorganisert den politisk organisasjonsstrukturen for nokre år sidan, og har ikkje lenger den såkalla *hovudutvalsmodellen* som kommunen hadde i ’etatstida’. I dag har kommunen minimumsløysingar på den politiske organisasjonsstrukturen. Dette betyr at Fjaler kommune er organisert med eit Kommunestyret, Formannskap, Kontrollutval, Administrasjonsutval og eit Arbeidsmiljøutval (lovpålagde utval). Kommunen nyttar såkalla *ad-hoc-utval (komitèar)*, når behovet melder seg og dette er føremålstenleg.

Det er revisjonen si oppfatning at Fjaler kommune i ei viss grad nyttar KOSTRA-tal til å evaluere eiga verksemd; - jamfør årsmeldingane. Det er ikkje gjort andre, større vurderingar av effektivitet og produktivitet i Fjaler kommune; - korkje eksternt eller internt. Organisasjonsstrukturen har fungert nokre år, og kanskje bør ein vurdere å evaluere denne, eller ein må spørje seg om det er for tidleg å evaluere denne no. KOSTRA-data inneheld verdifull informasjon, og bør kunne vere eit vesentleg styringsverktøy i einkvar kommune. Dersom KOSTRA-data ikkje vert nytta i tilstrekkeleg grad, kan *det* i seg sjølv utgjere ein risiko ved at kommunen går glipp av verdifull styringsinformasjon. Dette kan også påverke kommunen sine inntekter direkte, fordi KOSTRA-data til ein viss grad ligg til grunn for rammeoverføringane og styringskriteria for det kommunale inntektssystem. Nøyaktigheit i rapportering av økonomi- og tenestedata til KOSTRA-databasen er såleis særdeles viktig.

Via ordinær rekneskapsrevisjon og substanskontrollar (analytisk og bilag, m.v./finansiell revisjon) undersøker revisjonen bruk av både art og funksjon, og ikkje minst kodesetting i høve moms/momskompensasjon, for slik å bidra til at kommunen har ei mest mogleg korrekt økonomikontering/-rapportering. Revisjonsmessig har ein *lege forholdsvis tett på* administrasjonen si grunnlagshandtering og bokføring, med avviksvurderingar i høve budsjettkontroll. Revisjonen har også ei tett oppfølging av at politiske vedtak blir effektuert, og at økonomiske forhold i tilknytning til dette, blir korrekt handsama rekneskapsmessig; heri inn- og utbetaling, etc.

Det bør vere utarbeidd serviceerklæringar eller tenesteeerklæringar for dei fleste einingane. Dette kan bidra til å sikre god produktivitet, fordi det er klart for dei tilsette kva som skal ytast, og kva omfang og kvalitet den einskilde teneste skal ha. Leiinga skal sikre at alle tilsette leverer tenestene på same måte, og slik sett skal ein kunne ha betre kontroll på bruken av ressursar. Den flate organisasjonsmodellen fordrar såleis ei *sterk og handlekraftig leiing*, samstundes som driftseiningane skal etterleve dei delegasjonsfullmakter og arbeidsinstruksar som gjeld på dei ulike områder. Her vil internkontroll, verifisering av denne og *testing av kontrollar* vere stikkord som også bør kunne sjåast på i lys av produktivitet.

Revisjonen er usikker på korleis dette vert handtert og kva oppfatning/inntrykk som er i forvaltninga og kontrollmiljøa vedr. utøvinga av leiarskap med streng/stram økonomisk styring og kontroll, når ein ser kommunen under eitt (totalt sett). Det er likevel revisor sine vurderingar at kommunen har ei leiing som framstår med tiltak og handling når utfordringar dukkar opp. Innbyggjaren og brukaren har krav på, og bør kunne få, ein tryggleik i høve til kva som kan forventast, og på kva grunnlag ein kan klage på ein teneste.

Dei fleste IKT-system vert ”køyrte” i ’eigen regi’, men inngår i eit interkommunalt samarbeid der Førde kommune er hovudaktør for økonomifunksjonar og ’server-base’ for fleire programvarer for fleire kommunar. Det tyder m.a. at kommunen sjølv ikke har det praktiske ansvaret for oppgraderingar av systema, sikkerheit og ’back-up’, etc. Generelt vil ei slik løysing redusere risikoen for at det kan bli brot i kontinuiteten: Det etablerte kommunesamarbeidet på dette feltet har eigne (fleire) personar tilsette innafor IKT med god kompetanse på dette området. Kommunen vil kunne vere sårbar i høve til tilsette med IKT-kunnskapar lokalt i eigen forvaltning, men i 2012 opplever ein ikkje dette som nokon problemstillingar rundt. IKT er eit viktig område, fordi mykje av det daglege arbeidet som vert utført, fordrar at systema fungerer og inneheld rett informasjon til eikvar tid. Gjennom det etablerte økonomi- og IKT-samarbeidet 10 kommunar imellom, har Fjaler kommune tilgang på utvida ressursane på IKT-sida (etter at ein etablerte SIS (Samarbeidskommunar i Sunnfjord) og FØYS (Felles Økonomisystem for kommunane i Ytre Sogn og Sunnfjord), der Førde kommune er sentral part i begge samarbeida. Kommunen har også særskild avtale med Førde kommune om scanning av inngåande fakturaer. Den ordninga er ny i 2012. I tillegg er Fjaler kommune med i interkommunalt samarbeid i HAFS (kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund).

Revisor tilskreiv rådmannen i brev av 07.02.12 der ein har søkt å innhente relevant informasjon frå Fjaler kommune for bruk i arbeidinga av overordna analyse for kommunen. I brev av 06.03.12 har rådmannen kome med tilbakemelding og den innhelde fleire konstruktive innspel til moglege kontrollområder for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar framover. Vi har valgt å ta brevet inn som vedlegg til analysedokumentet og viser til det som rådmannen har peika på i brevet. Dei ulike kontrollområda kan ein sjå på med ulike innfallsvinklar.

Det er grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon med produktivitet som vinkling, t.d. knytt til ressursbruk og organisering av tenester.

4.2 Oppfølging av vedtak

Fjaler Kommunestyre og andre politiske organ gjev føringar, og vedtek kva mål kommunen skal ha.

Ansvaret for å følge opp saker ligg som regel på den einskilde sakshandsamar. Storleiken på kommunen og kommunikasjonen mellom tilsette, og mellom administrasjon og politisk nivå, tilseier at risikoen knytt til dette området er akseptabel.

Einskilde vedtak som ikkje vert følgd opp til rett tid, vil som regel bli peika på av dei politiske styringsorgana. Revisjonen opplever ikkje manglande effektivering av gyldige politiske vedtak som noko problemområde i Fjaler kommune.

Etter Kommuneleova § 23, nr. 2, er det administrasjonssjefen som skal påsjå at saker vert førelagt dei folkevalde organa, og at eikvar sak er forsvarleg utreda, og at vedtak blir iverksett. Vi kjenner ikkje til at vedtak systematisk ikkje vert følgd opp av administrasjonen.

I ein kompleks organisasjonsstruktur som ein kommune er, meiner vi at det eksisterer ein viss risiko for at vedtak ikkje blir følge opp, og vi meiner derfor at det på generellt grunnlag kan vere behov for å sjå nærmare på forvaltningsapparatet, og eventuelt gjennomføre forvaltningsrevisjon på dette området.

4.3 Økonomistyring

Økonomistyring har med styring og fordeling/ oppfølging av knappe ressursar å gjere. Det er viktig at avgjerder vert bygd på rette opplysningar, dvs. at det ligg føre eit godt grunnlag for å styre dei knappe ressursane. Dette stiller krav til at det vert føreteke rapporteringar med korrekt, oppdatert økonomisk informasjon til rett tid, slik at politikaren til eikvar tid har så nøyaktig informasjon som mogleg å byggje sine vurderingar og beslutningar/vedtak på.

Dette er også viktig for administrasjonen sjølv i den løpande/daglege driftssituasjon.

Kommunen har ein fireårig økonomiplan, årsbudsjett og rapportering i høve til dette. I 2012 og framover har dei sjølvstendige driftseiningane krav på seg til periodevis å rapportere økonomi- og tenestedata på måla i sine planar. Det er nødvendig at administrasjonen synleggjer ressursbruken slik at politikarane i neste omgang kan justere budsjettet og evt. styre på annan måte. For alle styringsføremål er det viktig at rapporteringa inneheld rett informasjon til rett tid.

"Årshjulet" styrer mykje av budsjettprosessen og rapporteringsrutinane. Det bør vere fokus på kommunen sine sentrale styringsdokument; som bl.a. kommunen sitt delegasjonsreglement og økonomireglement.

Sidan 2007/2008 har det vore fokus på finansforvaltninga til kommunane (referanse konsekvensane av Terra-saka, og KRD sine reaksjonar der). Departementet og Fylkesmannen har teke initiativ overfor kommunane med særskilt fokus på finansreglementet og kommunen sine interne rutiner kring finansforvaltninga. Revisor har gjeve særskild uttale kring dette.

For å styre på ein god måte, er det naudsynt å sjå budsjett og rekneskap i samanheng. I Fjaler kommune er budsjett og rekneskap samanliknbart på detaljert nivå. Det er revisjonen sitt inntrykk at omorganiseringa til ein 2-nivå-modell, med flat organisasjonsstruktur, har ført til ei klarare fordeling av ansvar, slik at delar av økonomistyringa totalt sett er blitt klarare og betre. Det er likevel for tidleg å evaluere den ny organisasjonsmodellen i dette perspektivet (forholdsvis kort tid drift med dagens organisasjonsstruktur).

Tidlegare års fokus på investeringsprosjekt og sein/manglande politisk handsaming av slike, har vore tilfelle i Fjaler kommune. Administrasjonen har teke tak i dette viktige arbeidet, og kommunen har klare retningslinjer innebygt i sitt økonomireglement i dag, korleis dette skal vere. Byggjerekneskap skal leggest fram for revisor og kontrollutval og kommunestyret etter vedteke reglement. Det er levert ein eigen forvaltningsrevisjonsrapport på dette etter bestilling frå kontrollutvalet. Denne har hatt si handsaming i både kontrollutvalet og kommunestyret. Framover kan det vere aktuelt å sjå til om kommunen følgjer eige regelverk på dette området, og om byggjesaksprosessane følgjer Lov om offentlege anskaffelsar, og eventuelt

om framdrifta i byggjeprosessen samsvarar med det som er skildra i kontrakt og avtaler og interne reglement i kommunen.

For nokre år sidan var det 15 sjølvstendige drifteiningar i Fjaler. Dette er noko endra i dag (NAV-etablering, og interkommunale samarbeid/vertskommune – sjå ovanfor). Dei ulike einingane har ansvar for bl.a. ulike refusjonsordningar/refusjonskrav som gjeld eiga drift. Her ligg det utfordringar for eikvar driftseining. I praksis prøver økonomikontoret/kommunekassa å følgje opp dette. Det er forholdsvis små og oversiktlege forhold i kommunen kring dette. Frå revisjonen si side kan det vere aktuelt å sjå på dei beskrivande ansvarsfordelingar og styringskriteria knytta til dette, utover det som er nedfelt i kommunen sitt økonomireglement. I dette vil inngå *rutinane kring kommunal fakturering, og kva ordningar som er etablert når det gjeld oppfølging av refusjonsordningar og produksjon av grunnlagsdata for refusjonskrav, innkrevingrutinar, m.v.*

Dagens momskompensasjonsregime er forholdsvis nytt, og i dag er det kvar einskild driftseining som har ansvaret for den *posteringsordre* som vert tillaga som bokføringsgrunnlag overfor økonomikontoret. Kommunen kjøper scanner-tenester hos Førde kommune for scanning av inngåadne fakturaer. Kontering og kodesetting i høve økonomi/rekneskap skjer lokalt i Fjaler. Korrekt moms- og kompensasjonshandsaming er viktig, for dette representerer store pengebeløp alle einingar, og kommunen samla, sett under eitt. Området er underlagt særattestasjon frå revisor si side og vil uansett inngå i revisor sitt ansvar og oppgåve når det gjeld *finansiell revisjon*. *Det bør kunne ligge til rette for nærmare undersøkingar med ditto rapportering til kontrollutvalet kring denne problematikken i kommuneforvaltninga.*

Sjølvkostområda på VAR-sektoren, og etterrekning (*gjennomføring av etterkalkulasjon på sjølvkostområda*) av overskot/underskot, er også eit viktig område å sjå nærmare på. Er betalings-satsane på VAR-området i samsvar med utgiftsbiletet (sjølvkostprinsippet)? Vert eventuelle fondsavsetningar på området nytta i samsvar med regelverket? Følgjer kommunen dei nye berekningsmodellane som er innført frå 01.01.2003? Kontrollutvalet har bestilt eit slikt forvaltningsrevisjonsprosjekt og dette er igongsett hausten 2012 og vil bli slutført og rapportert i 2013.

Innkjøpsordningane til kommunen er også eit viktig område å ha kontroll på. Lovverket og regelverket kring offentlege anskaffelsar; særleg på anleggssida, er eit vanskeleg og omfattande regelverk å forholde seg til, og det kan vere kostbart å ikkje etterleve lov og forskrifter på dette området. Det bør vere aktuelt å sjå nærmare på rutinane og om kommunen sine egne reglement vert følgde på dette felt; og om interne reglement er ajourført eller samsvarar med sentralt innkjøpsregelverk (tilpassa EU-direktiv, m.v.).

Forvaltninga av kommunale eigendelar og låneportefølgje (finansforvaltninga) kan også vere eit området å sjå nærmare på. Vert kommunen sitt eige reglement følgd på dette felt, og er den praksis som er etablert, hensiktsmessig og nyttig for Fjaler kommune? Det må her nemnast at det er utarbeidd eit nytt og ajourført finansreglement og egne rutiner til dette, som har fått si handsaming i Fjaler Kommunestyret den 12.11.12.

Ein finn det riktig å peike på at det i 2010-2011 er gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt med fokus på kommunen si økonomistyring. Revisjonsrapporten var ferdig i februar 2011 og er handsama i kommunen sitt kontrollutval og kommunestyret, og dette har bl.a. bidrege til at det er føreteke visse justeringar i kommunen sitt økonomireglement.

Det er grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon knytt til økonomisk styring.

4.4 Måloppnåing

Kommunen må syte for å ha ei tilstrekkeleg sakshandsaming overfor brukarane og ha ei god oppfølging av eksterne/ interne mål. Nokre av punkta nedanfor er også omtala under *økonomistyring* ovanfor; - men med eit litt *anna fokus*.

Kommunen har eit relativt avansert sakshandsamarsystem, der all inngåande post som kjem til Kommunehuset, vert registrert av fellesskretariat. Kommunen har eige "Sørviskontor", med ein ekspedisjon og eit hovudsentralbord, som er etablert i 1. etasje i kommunehuset i Fjaler. Etter at inngåande post er registrert på saker, fordeler ein sakene på 'sakshandsamar' i systemet. I praksis vert inngåande/arkivverdig post framført gjennom ei eigen rutiner for *scanning av inngåande post*. Den einkilde sakshandsamar får *sine saker* (henvendingane) i elektronisk form. Kvar sakshandsamar må lese og svare på sakene i sakshandsamarsystemet. Dersom det går lang tid før sakshandsamaren svarar på henvendinga, vil systemet kunne gje sakshandsamaren ei purring. Dette er ei sikring av at brukarane får svar innan rimeleg tid. Det er ikkje etablert faste tilbakemeldingsrutiner til brukaren om at sak er motteke, og kva tid den vil kunne vere ferdighandsama, eller kva tid endeleg svar vil kunne ligge føre. Forvaltningslova sine reglar om responstid/svartid skal takast høgtideleg. Dette gjeld også saker som er påklaga. Det kan vere aktuelt å sjå på rutinane knytta til sakshandsaming, responstida på svar, osv.

Lov om offentlege anskaffelsar er sentral for kommunen. Dette fordi konsekvensane ved å ikkje følge regelverket kan vere store økonomisk og rettslege; i alle fall i investeringsprosjekt og 'større saker'. Det kan såleis vere ønskjeleg å sjå nærmare på dei innkjøpsavtaler som kommune er med på, og eventuelt prioritere ei undersøking av innkjøps samarbeidet(/-a) som kommunen er deltakar i.

For ein del av dei tenestene som kommunen yter, er det lovfesta at sjølvkost er ei øvre grense for gebyrfastsetting. Dette gjeld tenester som vatn og avløp, renovasjon, feiing, plan- og byggesakshandsaming og kart- og delingsforretningar. Det har i seinare tid vore stor fokus i media på kommunane si fastsetting av gebyr på desse tenestene. Det er viktig at det ligg føre dokumentasjon på etterkalkulasjon, og at dette er presentert i ei form som er folkeleg forklara og lett leseleg.

For renovasjon er det krav om at gebyra skal dekke sjølvkost. Kommunen har ikkje lov til å subsidiere innbyggjarane på dette området. Det praktiske renovasjonsarbeidet er sett bort til eit eige interkommunalt selskap SUM (= Sunnfjord Miljøverk IKS), og det har i 2012 vore fokus på berekningsgrunnlaget og dei avgifter som blir innkravd på VAR-sektoren. Rekneskapen syner at samla gebyr frå plan- og byggesakshandsaming og kart- og delingsforretningar er ei relativt liten inntektskjelde for kommunen. Det kan imidlertid vere nyttig å sjå på dei tenestene der det i liten grad blir fokusert på sjølvkostberekningar, slik som plan- og byggesakshandsaming og kart- og delingsforretningar, m.v.

Kommunen handterer mange einskildvedtak gjennom året. Generelt er kommunane i Sogn og Fjordane for dårlege til å følge formalkrava i forvaltningslova når det gjeld denne type sakshandsaming, jfr. rapportar frå Fylkesmannen (som er å finne www.fylkesmannen.no (Sogn og Fjordane, på kommune). Kommunen avgjer mange saker som er viktige for den einkilde innbyggjar/ brukar, som t.d. skal få informasjon om adgangen til å klage på eit vedtak.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon som undersøker om sentralt/ lokalt regelverk blir følgd, og i kva grad resultatmåla som er sett, blir nådd.

000 000 000 ----- 000 000 000

5. Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

5.1 Kort om planen

Analysa legg opp til ei utvelgning av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på risiko. Eit prosjekt blir sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. Ved ei konkret utvelgning av prosjekt, må nytteverdien vurderast i høve til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforming av eit prosjekt må Kommunestyret/Kontrollutvalet avgrense omfanget av det som skal sjåast nærmare på. I motsatt fall vil revisjonen stille krav om at ein har adgang til å avgrense temaet. Eit prosjekt skal konkretiserast for å gje kontrollutvalet naudsynte opplysningar for deira kontroll- og tilsynsfunksjon. Antal prosjekt i løpet av eitt år vil naturleg vere avgrensa i høve ressurstilgangen. Ein minner om at kommunen har høve til å bestille slike forvaltningsrevisjonar frå andre enn kommunen sin revisor (andre aktørar i den åpne marknaden).

Framlegga til tema og område for forvaltningsrevisjonsprosjekt byggjer på overordna analyse. Lista er ikkje prioritert i nummerrekkefølge frå revisjonen si side. Vi meiner lista med aktuelle område og tema for forvaltningsrevisjon kan tene som eit innspel med idèar til den konkrete planen som skal presenterast i kontrollutvalet og Fjaler kommunestyre. I denne samanheng viser vi også til dei innspel som kom frå administrasjonen ved første gongs utarbeiding av overordna analyse for Fjaler kommune. Det er der ytre ønske om at dei prosjekt/tema som skal inngå i ei mogleg prioriteringsliste om forvaltningsrevisjonsprosjekt, må vere grundige gjennomgangar med fokus på kvalitetsheving, forenkling, betring av rutinar, produktivitet/effektivitet, og meir rasjonell bruk av ressursar. Dei vedlegg som følgjer dette dokument (det rullerte analysedokument) vil kunne vere eit godt utgangspunkt for ein prioriteringsdebatt i både kontrollutvalet og i Fjaler kommunestyre. Det avgjerande her vil likevel vere kva omfang av ressursar Fjaler kommune er villige til å bruke på denne type tilsyn og kontroll med eigen forvaltning og selskapskontroll/eigarsapskontroll.

Vi vil presisere at opplistinga under pkt. 5.2 nedanfor, må sjåast i samanheng med dei innspel som måtte kome frå rådmannen. Når kommunen sitt Kontrollutval, og til sist Fjaler Kommunestyre, skal føreta val av kontrollobjekt (tema og område), bør einskaffe seg eit visst innblikk i teneseområdet og sakskomplekseiteten i det ein vil ha undersøkt og 'granska'. Som bestillar av forvaltningsrevisjonar bør ein såleis gå inn i moglege driftsområder og avgrense kontrollomfanget. I den samanheng viser vi til den administrative organisasjonsmodellen for Fjaler kommune, med dei ansvarsområder som er tildelt dei ulike driftseiningane; jfr. Her også den opplistinga som følgjer som ein idèbank bak i (som vedlegg) analysedokumentet.

Analysa legg opp til ei utvelgning av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på risiko. Eit prosjekt blir sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. Ved ei konkret utvelgning av prosjekt, må nytteverdien vurderast i høve til forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforming av eit prosjekt må Kontrollutvalet avgrense omfanget av det som skal sjåast nærmare på. I motsatt fall vil revisjonen (eller den som skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet) stille krav om at ein har adgang til å avgrense temaet. Eit prosjekt skal konkretiserast for å gje kontrollutvalet naudsynte opplysningar for deira kontroll- og tilsynsfunksjon. Antal prosjekt, og omfanget av dette/desse, i løpet av eitt år vert naturleg avgrensa i høve ressurstilgang.

Selskapskontroll:

Avslutningsvis vil vi peike på at denne analysa ikkje tek opp i seg vurderingar om kommunen skal gjennomføre *selskapskontroll* eller *eigarskapskontroll*. Utarbeiding av overordna analyse/forvaltningsrevisjon er eit forholdsvis nytt fagområde for kommunen sine tilsynsorgan, og som vart innført første gong i 2005. Kommunane sine kontrollutval er kjende med den samordning som er søkt etablert i høve 'fellestiltak' (felles selskapskontroll/eigarskapskontroll for aktuelle eigar/deltakarkommunar).

I dei åra som er gått er det revisjonen sin erfaring at mange kommunar ikkje har ein gjennomarbeidd eigarskapsstrategi for sin deltaking/eigarskap i dei selskap ein er deltakar i eller har medeigarskap i. Dei kontrollar som er utført har konkludert på at kommunen bør ha ei politisk drøfting på dette, der det vert utforma og vedteke ei eigar eigarskapsmelding eller eit eige strategidokument med tilhøyrande reglement for korleis dette skal vere i kommunen. Det er derfor vår vurdering – med bakgrunn i ei kost-/nytte-vurdering - at ein bør søkje å få fram ei politisk sak i kommunen om kommunen sin eigarskapsstrategi, før ein eventuelt går inn i forvaltningsrevisjonsprosjekt kring eigarskapskontrollar/selskapskontrollar.

Kommunen skal imidlertid vedta ei eigen *plan for selskapskontroll*; parallellt med den ordinære planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Begge skal handsamast gjennom kontrollutvalet, med endeleg vedtak i Fjaler kommunestyre.

Det er vår oppfatning at når ein skal vurdere selskapskontroll, bør ein vurdere ei gjennomføring av dette i samarbeid med nærliggande kommunar som har eigarinteresser i same selskap (interkommunale samarbeid, IKS, energiverk, AS, osv. – som kommunen har eigarinteresse i, eller er medeigar/deleigar i), slik at dette kan bidra til ei kostnadseffektiv gjennomføring av slike kontrollar der dette er aktuelt og ønskeleg frå kommunen si side.

Under pkt. 5.2b vedlagt denne rapport, har vi lista opp dei eigarinteresser Fjaler kommune har. Lista er ikkje uttømmende, men er henta delvis frå Fjaler kommune si oversikt ('Note') i årsrekneskapen/årsmelding for Fjaler kommune for 2011, pr. 31.12.2011, jfr. det som har vore inntekte i tidlegare analysedokument for Fjaler.

Sluttord:

Utarbeidinga av overordna analyse har vore eit forholdsvis omfattande arbeid som byggjer på ei rekke interne styringsdokument i kommunen, samt lov- og forskriftsverket som er styrande for kommuneforvaltninga. Samstundes har ein søkt å ta omsyn til erfaringsbasen som tilsynsorgan i kommunen innehar, og som er bygt opp over fleire år. Ved rulleringa av analysedokumentet no i 2012, har ein bygt vidare på det materialet som har lege til grunn for tidlegare tilsvarende analysedokumentet, der ein har søkt å ta omsyn til oppdatert informasjon om kommunen; heri talmateriale, nøkkeltal, årsrapportar, perioderapportar, gjennomførte revisjonar og forvaltningsrevisjonar, samt endringar i organisasjon og leing i kommunen.

Det er vår vurdering at det som ligg føre i dette dokument er eit bakgrunnsmateriale som kan nyttast som grunnlag for prioriteringar i utarbeidinga av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar og kva eventuelle selskap som ein kan underlegge tilsyn og kontroll frå dei kommunale tilsynsorgana si side.

000000000000

Lovverket stiller krav om at kommunen skal vedta ein eigen plan for selskapskontroll; parallellt med den ordinære planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Begge skal ha si handsaming gjennom kommunen sitt kontrollutval, men med endeleg vedtak i Kommunestyret.

Førde, 5. november 2012
for KRYSS-Revisjon
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord



Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

5.2 Oversikt over mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Fjaler kommune

Nr.	Prosjekt	Tema/ vinkling	Nytteverdi	Risikoområde
	Kontroll av lønsområdet i kommunen "All over" eller sektorvis	Vert det utbetalt riktig løn, til riktig tid, for rett periode ? - vert hovedavtalen og tariffavtalen følgde ? - reisersrekningar, dokumentasjonskrav - etc.	Bidra til å fastslå om kommunen følgjer gjeldande regelverk på området Konstatere at kommunen betaler ut den løn som skal vere, og at den tilsette får den løn arbeidsavtale og tariffavtale krev	Effektivitet/ Produktivitet Økonomistyring
	KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring	Analyse av KOSTRA-data for å finne betydningsfulle avvik. Kva slags avvik inneheld verdifull informasjon og kva for avvik har bakgrunn i systematiske feil? Ei slik analyse kan medføre at åpenbare flaskehalsar/ overkapasitet blir identifisert. Dette er naudsynt informasjon for at kommunen skal kunne justere ressursbruk i høve til kva slags arbeidsoppgåver som skal løysast.	Bidra til meir bruk av KOSTRA- data både i administrasjonen og på politisk nivå. Bidra til å kartlegge korleis ressursar brukast for å løyse oppgåver.	Produktivitet/ økonomistyring
	Sjølvkostbereknningar VAR-sektoren	Gjennomgang av kommunen sine sjølvkostbereknningar for å sikre at prisinga i budsjett er korrekt og at gebyr som vert fakturert brukarane er korrekte. Vert etterkalkulasjon gjennomført og dokumentert i samsvar med Lov, Forkrift og Veileder ?	Bidra til at brukarane betalar ein korrekt pris for tenestene. Kvalitetssikring av egne bereknningar for administrasjonen. Synleggjøring av evt. subsidiering av tenestene.	Produktivitet

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Iolster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

<p>”SUM”/Sunnfjord Miljøverk IKS</p>	<p>Det er etablert eit eige interkommunalt renovasjonsselskap for å handtere lovpålagt kommunal avfallshandtering.</p> <p>Prosjektet vil ta opp sentrale problemstillingar mellom kommunane og selskapet. Dette vil kunne vere eit fellesprosjekt for alle kommunane som eig selskapet.</p>	<p>Bidra til ei klarare oppgåve- og ansvarsfordeling mellom kommunane og selskapet.</p>	<p>Måloppnåing</p>
<p>Evaluering av NN samarbeid</p>	<p>Evaluere eit samarbeid som er vedteke og har fungert ei tid. Kva av målsettingane som låg til grunn, er innfridde ?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Deltakinga i SiS, FØYS, HAFS ? - PPT, SYS IKT, SYS IKL, andre ? 	<p>Samarbeid mellom kommunar har vore eit svært aktuelt tema den siste tida. Evaluering av eit samarbeid kan gje kommunen viktige erfaringar.</p>	<p>Måloppnåing / Produktivitet</p>
<p>Tidsriktig rapportering til politisk nivå ?</p>	<p>Er rapporteringa til politisk nivå tilstrekkeleg knytta opp mot konkrete mål ?</p> <p>Kva krav set politikaren ?</p> <p>Er politikaren si forventning klart uttrykt overfor administrasjonen ?</p>	<p>Bidra til klarare politisk kravspesifikasjon og tydleggjering av ansvar for rapportering i einsskildsaker.</p> <p>Bidra til at politikaren set klarare krav til administrasjonen</p> <p>Kan bidra til ein ryddigare diskusjon mellom politisk og administrativt nivå.</p>	<p>Måloppnåing</p>
<p>Budsjettprosess/ fordeling av ressursar</p>	<p>Vurdere dei budsjettprosessar og styringsverktøy som blir bruk for fordeling av midlar i kommunen.</p> <p>Vurdere om det finst andre måtar å fordele budsjettmidlane på.</p>	<p>Bidra til at kommune har ein budsjettprosess som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy.</p>	<p>Økonomistyring</p>

	"Korrekt handsaming av din sak?"	Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestem- melsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid, sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einskilde innbyggjar.	Måloppnåing
	Oppfølging av vedtak i Fjaler kommune	Kontrollere oppfølging av vedtak. Fokuserer på korleis systemer, ansvarsdeling og andre etablerte kontrolltiltak bidreg til tidsriktig og korrekt iversetjing av vedtak.	Bidra til at administrasjonen får på plass rutiner som sikrar ei korrekt oppfølging av vedtak til rett tid.	Oppfølging av vedtak.
KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring? (Jfr. eige strekpunkt ovanfor)	Analyse av KOSTRA-data for å finne vesentlege avvik. Kva avvik inneheld verdifull informasjon og kva har sin bakgrunn i systematiske feil?	Bidra til meir bruk av KOSTRA både i administrasjonen og på politisk nivå. Synleggjere nytten av KOSTRA-data til politisk styring og bidra med råd til korleis politikaren kan analysere tala. Bidra til å kartlegge korleis ressursar blir brukt for å løyse oppgåver. Kva er årsaka til høge/låge utgifter? - Medveten politisk prioritering? - Feilføringar? - Kostnadskrevjande drift?	Måloppnåing/ Produktivitet/ Økonomistyring	
Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning	Er det dei ulike reglement i samsvar med dagens regelverk og organisasjonsstruktur? - Økonomireglement? - Finansforvaltningsreglement? - Byggjerekneskap/Prosjektrekneskap? - Delegasjonsreglement? - Tilsettings-/arbeidsreglement? - Personalreglement? - Søknadshandsamingar? Vert vedtekte reglement følgde?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil drift Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekte av politikarane (Kom.styret)	Måloppnåing Produktivitet Effektivitet	

<p>Sjukefråværet – årsak og samanhengar</p>	<p>Korleis har utviklinga i sjukefråværet vore dei siste åra ?</p> <p>Kva åpenbare forhold forklarar utviklinga ?</p> <p>Variert sjukefråværet vesentleg internt i kommunen, og kva er eventuelt grunnen til dette ?</p> <p>Korleis skjer pengestraumane inn/ut av kommunen ?</p> <p>Kva rutiner er etablert i eigenbetalinga</p> <ul style="list-style-type: none"> - for barnehagebetaling - for heimhjelpsbetalinga - for pensjonærbetalinga - for kommunale avgifter - (for eigedomsskattar ?) - for tekniske avgifter, gebyr, m.v. - for oppgjør av tomtesalg, skjøte, m.v. <p>Kva rutiner er etablert i fakturaflyten (innkjøp) ?</p> <ul style="list-style-type: none"> - rekvisisjon av varer og tenester - (offentlege anskaffelsar, regelverket følgd) - fullmakter - kven har myndighet til kva - attestasjonsfullmakter/tilvisingsfullmakter - (fakturaflyten frå mottak til utkwittering i reskontrosystemet) - (signaturprøver, ajourhold) <p>Økonomireglement / Delegasjonsreglement</p> <p>Vert desse reglementa følgde ?</p>	<p>Korleis har utviklinga i sjukefråværet vore dei siste åra ?</p> <p>Kva åpenbare forhold forklarar utviklinga ?</p> <p>Variert sjukefråværet vesentleg internt i kommunen, og kva er eventuelt grunnen til dette ?</p> <p>Korleis skjer pengestraumane inn/ut av kommunen ?</p> <p>Kva rutiner er etablert i eigenbetalinga</p> <ul style="list-style-type: none"> - for barnehagebetaling - for heimhjelpsbetalinga - for pensjonærbetalinga - for kommunale avgifter - (for eigedomsskattar ?) - for tekniske avgifter, gebyr, m.v. - for oppgjør av tomtesalg, skjøte, m.v. <p>Kva rutiner er etablert i fakturaflyten (innkjøp) ?</p> <ul style="list-style-type: none"> - rekvisisjon av varer og tenester - (offentlege anskaffelsar, regelverket følgd) - fullmakter - kven har myndighet til kva - attestasjonsfullmakter/tilvisingsfullmakter - (fakturaflyten frå mottak til utkwittering i reskontrosystemet) - (signaturprøver, ajourhold) <p>Økonomireglement / Delegasjonsreglement</p> <p>Vert desse reglementa følgde ?</p>	<p>Bidra til å kartlegge kva faktorar som Påverkar nivået på sjukefråværet.</p> <p>Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet.</p>	<p>Måloppnåing Produktivit</p> <p>Økonomistyring Intern kvalitetssikring Hindre mislegheiter og irregulære forhold Klargjering av ansvarsforhold og myndighet på ulike nivå i organisasjonen</p>
---	--	--	--	--

	Arbeidsinstruksar / Stillingsinstruksar – fins det ?		
Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestesteområder.	Arbeidsdeling, beskriving/dokumentasjon av ansvarsdeling, m.v. – Finst dette dokumentert ? Kva stillingsheimlar som er vedtekne (bemanningplanar), og i kva grad desse vert følgde. - bruk av variabelar, personar på timelister - vakansar - permisjonar - bruk av ekstrarhjelp - budsjett vs rekneskap – avviksrapportering - Vurdere 'kost-nytte' på IT- og IKT-satsingsområdet.	Bidra til optimalisering av personalressursane. Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing
Vurdere IT-/IKT-samarbeid	Vurder regelverket kring bruk av eigenmeldingar følgd ? Vert fråværet registrert og riktig rapportert. Inntak av midlertid tilsette ? Omfang av slik bruk – antal personar på timelister i forhold til stillingsheimlar ?	Bidra til riktig nivå på tenesteproduksjonen og IT-investeringane	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing
Sjuefråværet - bruk av eigenmeldingar - fråværsregistreringar - personar på timelister (Jfr. eige strekpunkt vedr. årsak og samanhengar i sjukefråværet)		Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet	Produktivitet/ Effektivitet Økonomistyring Måloppnåing

5.2b Oversikt over IKS og AS som Fjaler kommune er eigar eller medeigar i

Namn	Eigardel
Firda Billag IKS	6,00 %
Sunnfjor Mijjøverk IKS	10,39 %
Alarmsentralen i S og Fj IKS	2,81 %
Hauglandsenteret	
Lutelandet Utvikling AS	34,00 %
Transplant AS	
Alden Hamneområde	
Vevang produksjon AS	100,00 %
SunnLab AS	10,00 %
Firda Produkt AS	5,00 %
Sunnfjord Enegi AS	10,82 %

Fjaler kommune er også deltakar i *interkommunale samarbeid*, f.eks. SEKOM-Sekretariat (§ 27 KL)

Kommunerevisjonen i ytre Sogn og Sunnfjord (§ 27 KL)

SYS IKT, IKT-samarbeid mellom 10 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn

SYS IKL IKS, Interkommunalt legevaktsamarbeid

HAFS interkommunale barnevernteneste

Fjaler – Hyllestad kulturskule

Landbruk Askvoll/Fjaler



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

Nettstadkart

AAA

- Framsida
- Tenester
- Postlister
- Lokalstyre
- Om Fjaler
- Kontakt oss
- Brua
- Sjølvsbetening
- Nett-TV
- Kunngjeringar
- Næring
- Bibliotek
- Ung
- Fritid
- Kart
- Rss
- A-A

Søk

Kan vi hjelpe deg?
 Kontakt Sørviskontoret
 57 73 80 00
 post@fjaler.kommune.no
 Postboks 54
 6961 Dale i Sunnfjord

Hovremny > Loka styre > Politiske utval

Lokalstyre

- Ordføraren har ordet
- Tidlegare ordførarar i Fjaler
- Møtekalender og saksapapir
- Nett-TV
- Søk etter dokument
- Søk etter sak
- Kommunestyret
- Formannskapet
- Klagenemnda
- Politiske utval
- Ungdommens kommunestyre
- Eldrerådet
- Fast byggenemnd
- Kontrollutvalet

Utval

Her ser du ei oversikt over alle utval i kommunen. Dersom du trykker på eit utval, får du opp ei liste over alle politikarar i dette utvalet. Du kan trykke på overskriftane 'parti' og 'Namn' for å endre sorteringskriterie.

- Administrasjonsutvalet
- Arbeidsmiljøutvalet
- Formannskapet
- Klagenemnda
- Kommunestyret
- Valstyret
- Årsmøtet for frivilligsentralen

Vis

- Politikarar, Møter

Kontaktinformasjon

Fjaler kommune
 Fjaler kommune
 Fjalerhuset
 Postboks 54
 6961 Dale i Sunnfjord
 E-post: [✉](mailto:post@fjaler.kommune.no)
 Telefon : 57 73 80 00
 Faks : 57 73 80 01
 Org.nr. : 864968422
 Kontonr. : 3741.07.10103
 Kommunentnr.: 1429
 Opningstid : 0800-1545 (vinter)
 0800-1500 (sommar)



Fjaler kommune
31.12.2011

Fjaler kommune - Rekneskap 2011

Hovudoversikt Driftsrekneskapen

Kosthd	Kosthd (T)	Rekneskap 2011	R. Budsjett 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
LN03	Brukarbetalingar	-8 112 148,79	-7 694 700,00	-7 694 700,00	-7 744 296,65
LN04	Andre sals- og leigelinntekter	-14 461 684,57	-14 029 800,00	-14 029 800,00	-14 482 347,27
LN05	Overføringar med krav til motlytingar	-37 117 999,47	-22 534 500,00	-22 534 500,00	-41 074 487,17
LN06	Rammetilskot frå staten	-108 516 375,00	-103 900 000,00	-101 900 000,00	-82 652 734,00
LN07	Andre statlege overføringar	-1 913 203,00	-1 875 000,00	-1 875 000,00	-5 859 035,97
LN08	Andre overføringar	-1 728 254,56	-1 424 000,00	-1 424 000,00	-1 923 649,10
LN09	Skatt på inntekt og formue	-45 645 606,39	-47 300 000,00	-48 100 000,00	-48 900 526,31
LN10	Eigedomsskatt	-2 657 490,50	-2 584 000,00	-1 900 000,00	0,00
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	-9 648,00	-8 800,00	-8 800,00	-9 648,00
LN12	B. SUM DRIFTSINNTEKTER	-220 162 410,28	-201 350 800,00	-199 466 800,00	-202 646 724,47
LN14	Lønsutgifter	113 457 769,33	106 967 100,00	107 254 100,00	111 188 303,03
LN15	Sosiale utgifter	25 632 755,87	24 932 600,00	24 932 600,00	24 407 655,08
LN16	Kjøp som inngår i kommunal prod.	31 946 426,60	29 153 800,00	27 815 500,00	32 859 485,15
LN17	Kjøp som erstattar kommunal prod.	18 273 406,71	15 389 500,00	14 399 500,00	15 209 933,24
LN18	Overføringar	20 109 908,84	16 938 400,00	15 896 400,00	18 445 492,88
LN19	Avskrivningar	7 117 953,31	6 946 800,00	6 946 800,00	6 946 429,04
LN20	Fordeite utgifter	-4 951 613,89	-3 622 400,00	-3 622 400,00	-4 623 456,09
LN21	C. SUM DRIFTSUTGIFTER	211 586 606,77	196 705 800,00	193 622 500,00	204 433 842,33
LN23	D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-)	-8 575 803,51	-4 645 000,00	-5 844 300,00	1 787 117,86
LN25	Renteinntekter, utbytte og elgaruttak	-3 339 734,26	-3 505 000,00	-4 105 000,00	-4 600 354,38
LN26	Mottekne avdrag på lån	-107 854,72	-110 000,00	-110 000,00	-151 955,60
LN27	E. SUM EKSTERNE FINANSINNTET	-3 447 588,98	-3 615 000,00	-4 215 000,00	-4 752 309,98
LN29	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	5 291 304,67	5 400 000,00	6 000 000,00	6 588 785,91
LN30	Avdragsutgifter	6 000 000,00	6 030 000,00	6 030 000,00	5 602 000,00
LN31	Utlån	69 270,22	162 000,00	162 000,00	188 024,12
LN32	F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIF	11 360 574,89	11 592 000,00	12 192 000,00	12 378 810,03
LN34	G. RESULTAT EKST. FINANS.TRAI	7 912 985,91	7 977 000,00	7 977 000,00	7 626 500,05
LN35	Motpost avskrivningar	-7 117 953,31	-6 946 800,00	-6 946 800,00	-6 946 429,04
LN36	I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-7 780 770,91	-3 614 800,00	-4 814 100,00	2 467 188,87
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-1 958 143,66	-2 237 943,66	0,00	-2 145 360,50
LN40	Bruk av bundne fond	-2 111 903,38	-217 900,00	-217 900,00	-2 847 760,64
LN42	J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-4 070 047,04	-2 455 843,66	-217 900,00	-4 993 121,14
LN44	Overført til investeringsrekneskapen	1 870 946,86	1 540 000,00	1 540 000,00	
LN45	Dekn. av tidl. års rekn.messige meirf.	1 038 643,66	1 038 643,66	0,00	474 046,23
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	3 000 000,00	3 000 000,00	3 000 000,00	842 442,40
LN47	Avsetningar til bundne fond	3 891 367,50	500 000,00	500 000,00	2 248 087,30
LN49	K. SUM AVSETNINGAR	9 800 958,02	6 078 643,66	5 040 000,00	3 564 575,93
LN51	L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFOI	-2 049 859,93	0,00	0,00	1 038 643,66

Fjaler kommune
31.12.2011

Økonomisk oversikt Investeringsrekneskapen


osthir	Kosthinv (T)	Rekneskap	R Budsjett 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
LN03	Sal av driftsmidler og fast eige	-712 750,00	0,00	0,00	
LN04	Andre salsinntekter	-12 700,00	0,00	0,00	-32 665,00
LN05	Overføringar med krav til moty	-112 500,00	0,00	0,00	-638 097,63
LN06	Statlege overføringar	-450 000,00	0,00	0,00	0,00
LN07	Andre overføringar	-35 425,90	0,00	0,00	-281 195,25
LN09	L. SUM INNTEKTER	-1 323 375,90	0,00	0,00	-951 957,88
LN11	Lønsutgifter	327 345,45	0,00	0,00	
LN12	Sosiale utgifter	94 032,10	0,00	0,00	
LN13	Kjøp som inngår i kommunal p	11 287 240,01	9 059 100,00	8 238 000,00	9 617 224,17
LN14	Kjøp som erstattar kommunal	25 000,00	0,00	0,00	460 553,89
LN15	Overføringar	2 009 779,75	2 342 000,00	2 342 000,00	1 862 428,69
LN17	Fordelte utgifter	40 000,00	0,00	0,00	0,00
LN18	M. SUM UTGIFTER	13 783 397,31	11 401 100,00	10 580 000,00	11 940 206,75
LN20	Avdragsutgifter	304 796,00	0,00	0,00	271 093,50
LN21	Utlån	1 382 587,40	0,00	0,00	1 075 108,70
LN22	Kjøp av aksjar og andelar	52 447,00	0,00	0,00	53 539,00
LN23	Dekking av tidl. års udekka	823 594,43	830 000,00	0,00	526 344,84
LN24	Avsetn. til ubundne inv.fond	1 444 368,90	0,00	0,00	523 150,73
LN27	N. SUM FINANS.TRANS.	4 007 793,73	830 000,00	0,00	2 449 236,77
LN28	O. FINANS.BEHOV (M+N-L)	16 467 815,14	12 231 100,00	10 580 000,00	13 437 485,64
LN30	Bruk av lån	-13 591 868,90	-10 771 100,00	-9 370 000,00	-9 606 343,82
LN31	Mottøkne avdrag på utlån	-235 719,24	0,00	0,00	-182 380,32
LN34	Overføringar frå driftsrekn.	-1 870 946,86	-1 090 000,00	-840 000,00	-474 046,23
LN36	Bruk av ubundne inv.fond	-196 441,97	-370 000,00	-370 000,00	-2 355 120,84
LN39	R. SUM FINANSIERING	-15 894 976,97	-12 231 100,00	-10 580 000,00	-12 617 891,21
LN40	S. UDEKKA/UDISP. (O-R)	572 838,17	0,00	0,00	819 594,43

Økonomisk oversikt 2011 Fjaler kommune

Brukarbetaling	8112148
Salgs/leigeinntekter	14461684
Overføringer	37117999
Rammeliskot	108516375
Andre statlege overføringar	1913203
Andre overføringar	1728254
Skatteinntekter	45645606
Eigedomsskatt	2657490
Div andre inntekter	9648
Renteinntekter	3339734
Avdrag på utlån	107854

INNTEKTER Fjaler kommune 2011

- ▨ Brukarbetaling
- ▨ Salgs/leigeinntekter
- ▨ Overføringer
- ▨ Rammeliskot
- ▨ Andre statlege overføringar
- ▨ Andre overføringar
- ▨ Skatteinntekter
- ▨ Eigedomsskatt
- ▨ Div andre inntekter
- ▨ Renteinntekter
- ▨ Avdrag på utlån




Økonomisk oversikt 2011 Fjaler kommune

Lønsutgifter	139090524
Innkjøp komm tenesteprod	31946426
Innkjøp erst komm tenestepr	18273406
Overføringer	20109908
Renter og avdrag	11291304
Utlån	69270
Fordelte utgifter	4951613
Investeringer	13783397

UTGIFTER 2011 Fjaler kommune

- ↳ Lønsutgifter
- ↳ Innkjøp komm tenesteprod
- ↳ Innkjøp erst komm tenestepr
- ↳ Overføringer
- ↳ Renter og avdrag
- ↳ Utlån
- ↳ Fordelte utgifter
- ↳ Investeringer




Teknisk risikovurdering områdeinndeling FJALER KOMMUNE 2012

Lønsområdet	1296
Innkjøp	154
Overføringer	142
Anleggsmidler	572
Salgsområdet	1052
Finansområdet	200
Likvidområdet	180
Finansområdet	504
IKT / EDB	264

Teknisk risikovurdering FJALER KOMMUNE

- ☒ Lønsområdet ☒ Innkjøp ☒ Overføringer ☒ Anleggsmidler ☒ Salgsområdet
- ☒ Finansområdet ☒ Likvidområdet ☒ Finansområdet ☒ IKT / EDB



Fjaler kommune
Rådmannen
6961 Dale i Sfj.

Dyktar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Overordna analyse 2012/1f	216	07 / 2012	7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I FJALER; - OVERORDNA ANALYSE – FJALER KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Fjaler kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Fjaler kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenestemråder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt-/områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ↳ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ↳ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finasreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgave- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå-/områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenestefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenestedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmannen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemdar/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.

Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Fjaler kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012

Med helsing



Teje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføreren



FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kryss revisjon
Hafstadvegen 21

6800 FØRDE

19.03.2012
015/2012
216
1429
T.F.

Vår ref.
12/140-2/OLH
12/1660

Dyktar ref.

Arkiv
K1-216

Dato:
23.02.2012
6.3

Overordna analyse - informasjon frå Fjaler kommune

Viser til brev frå Kryss revisjonen datert 7.2.12, mottatt 13.2.12.

Vedlagt følger ein del informasjon frå Fjaler kommune, der vi så langt som mulig har forsøkt å tilpasse informasjonen til formålet:

Risiko- og vesentlighetsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga.

Utover det som er vedlagt er det i innleiing nemnt litt om overordna tiltak vedrørende kvalitetsheving, effektivisering, betre måloppnåing og god økonomisk styring.

Administrasjonen har siste åra hatt kontinuerleg fokus på utvikling av styringsverktøy, beslutningsstøtte informasjon. I og med at Fjaler i 1999 la om frå sektorutval til ein såkalla to-nivåmodell har ein i høve arbeid med utarbeiding, samt medverknad og forankring brukt kommunestyremøte til rapportering (forankringsarbeid). Internt i organisasjonen er leiarsamlingar og workshops brukt der det er behov for medverknad og forankring. I desse prosessane har analysefasen vore viktig. Kostra-tal og SOFT analysar har vore viktig verktøy i arbeid med å sjå kor ein er (dekningsgrad, effektivitet og kvalitet), der forankring av behov for å gjennomføre endringar har vore viktig. Døme på dette er reduksjon av kostnader innan pleie og omsorg, skule og innføring av eigedomsskatt. Dette har resultert i at ein har vore i stand til auke resultatavsetningane i budsjettet frå kr 1 mill til kr 3 mill, med mål om 3% avsetning, dvs kr 5-6 mill.

Innspel på moglege kontrollområde som det kan vere formålstenleg å sjå nærare på:

Omlegging av inntektssystemet i 2010 og endring av inntektskriteria for PU og ressurskrevjande brukarar – konsekvens for Fjaler kommune:

I og med at Fjaler er ein av dei kommunane i Noreg som har flest PU i høve folketalet (nr. 3 i følgje Kommunal Rapport), har det gitt store utslag i kommuneøkonomien når kriteria vart endra – inntektstap på kr 6,25 mill. På Fylkesmannen sin oversikt kom Fjaler dårlegast ut i ny modell. Gjer merksam på at sjølv om Fjaler kom dårleg ut på dette kriteriet har kommune hatt positiv effekt på andre endringar som er gjennomført.

I og med at vi driv integrerte tenestar der eit arbeidslag utfører både institusjonstenestar og heimetenestar er det vanskeleg å sjå kva dei reelle kostnadane for desse gruppene og det

kunne vore nyttig med ein analyse for å få fram dei reelle kostnadane. Saka har vore teke opp med fylkesmannen i samband med søknad om skjønnsmidlar. Vedlegg 8 (U.off – eigen forsendelse)

Tilskot til private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er og har vore komplisert med omsyn til utrekning av grunnlag og endring av regelverk. Dette er eit område som har vore utsett for kritikk frå PBL (org. for private barnehagar) – gjeld ikkje Fjaler. Det kan og virke som om dette er blitt handtert ulikt ute i kommunane og det kunne vore nyttig å fått ei analyse og vurdering av Fjaler si handtering av ordninga.

0. Tema og svar på spørsmål i notatet:

Vedlagt dokumentet følger informasjon og relevante vedlegg som eg håpar gir svar på det som er teke opp i brevet til revisor.

1. Tertialrapport 2. tertial – innhald

- o Drift av eingane, finansrapportering, måloppnåing i forhold til overordna kommuneplan, vurdering av politikk, interne tilhøve, økonomi, organisasjonskart, personalstatistikk (årsverk og sjukefråvær), statistikk på einingsnivå.

Vedlegg 1

2. Politisk organisering og mynde – sentrale styringsdokument

- a. powerpointpresentasjon i samband med folkevaldopplæring, jan. 12.
- b. Oversyn over kommunale planverk og kor tid desse er tenkt rullert eller revidert (sak til kommunestyre i mars)
- c. Oversyn over vedtekne reglement og retningslinjer

Vedlegg 2

3. Oversyn IKT-program og ansvar

- a. IKT-system - her knytt til merknader til kor det er integrasjonar. Det er her tenkt i betydning at data blir registrert i eitt system og overført utan at det blir registret på nytt i system nr. 2. Bruksområde er og nemnt.
- b. Rollekart – IKT (er under revisjon – frist 28.2.12)

Vedlegg 3

4. Eigarskapspolicy og meldingar

- a. Presentasjon for formannskapet i samband med folkevaldopplæring, jan. 12.
- b. Eigarpolitikk – meldingar

Vedlegg 4

5. Prosjekt og aktivitetar 2012

- a. Investeringsprosjekt (status blir rapportert i samband med tertialrapporteringa).

Kommentar: Prosjekt med verdi over 500', blir ikkje rapportert med status ferdig før dei er slutthandsama av kommunestyre.

- b. Planar og prosjekt (status blir rapportert i samband med tertialrapporteringa)

Vedlegg 5

6. Utfordringar knytta til samhandlingsreforma

Dette er eit arbeid som pågår fortløpande. Vedlagt følger sist orientering til kommunestyre i februar.

Dei største utfordringane framover vil kunne vere tilgang på ressursar, behov for bustad og institusjonsplassar og økonomi til å møte framtidig auke i kostnadane, dvs. frå ca 2020 og framover.

Ein viktig utfordring er og å få på plass kompetanse og ressurs til og jobbe med plan og utvikling innan helseområde samt folkehelsearbeid. Målsettinga er å få ein ressurs på plass i løpet av året, men dette er og noko som er ei økonomisk utfordring. Leiing innan helseområdet (PLO, NAV, Helsestasjon, Fysio og Lege) ligg direkte under rådmannen (sjå pkt 7).

Til orientering:

Fjaler har ein politisk/administrativ nemnd som jobbar med bustadsosial handlingsplan og denne vil vere viktig med omsyn til bygningsmessige behov til dei ulike gruppene. Planen er og viktig for å kunne søkje om tilskot og støtte.

Vedlegg 6

7. Vurdering av to-nivåmodellen

Fjaler la om til to-nivåmodellen i 1999-2000. Modellen har ikkje vore evaluert, men både administrasjon og politikarar har ikkje signalisert ynskje om endringar. I 2010 laga rådmannen ein rapport som har vore lagt fram for toppleiing (rådmannskontoret), einingsleiing og politisk leiing (ordførar og varaordførar). Formålet med rapporten var å sjå Fjaler opp mot Agenda Kaupang sin analyse av kommunar med flat struktur. Kva er Fjaler sin sterke sider, svake sider, muligheiter og truslar. I lys av arbeidet med å få til ei best mulig styring av verksemda (dvs. Fjaler kommune), er dette noko som ein bør jobbe vidare med. Noko av utfordring er å få gjennomført ein god prosess utan å bruke eksterne ressursar.

Vedlegg 7

8. Kvalitetssikring og internkontroll

Arbeidet med kvalitetssikring og internkontroll er eit ansvar som ligg under kvar einskild einingsområde. Det er svært viktig å ha gode system og rutinar for å nå mål om god styring av verksemda. Pleie og omsorgssektoren er dei som i Fjaler er best på dette. Handsamar over 200 avvik i året. For å få til ei tilfredsstillande løysing td. rapportering av avvik til rådmannen, er vi avhengig av å ha ei elektronisk løysing. Rådmannen og einingsleiarane har hatt dette som prioritert tema frå 2011 og framover (hovudtema på leiarsamling i Bergen hausten 2011) og har brukt ein del tid på få lik forståing og kvifor dette er viktig. Mykje av dette er sjølv sagt, mellom anna ser vi at i dei fleste tilsyn og forvaltningsgjennomgangar blir internkontroll framheva som eit forbettringspotensiale. I tillegg ser no dei største einingane at ei "levande system representerar ein muligheit til å få til effektivisering. Etter å ha hatt presentasjon og gjennomgang av ulike system, gjenstår no å velje leverandør og etablere ei arbeidgruppe som planlegg og får ansvar for innføring.

Ikkje vedlagt (ligg hjå revisor)

– rekneskap, årsmelding (inkl. Kostra-analysar) og økonomiplan (inkl. Kostra-analysar).

Med helsing



Ola Hovland
rådmann

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@krvssrevisjon.no
postmottak@krvssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Fjaler kommune
Kommunestyret v/ordfører

6961 Dale

Dyktar ref.: Rekn311211	Vår ref.: Revmeld 2011/ame	Arkivkode: 212	Journalnr.: 2012/0019	Dokumentdato: 25. april 2012
----------------------------	-------------------------------	-------------------	--------------------------	---------------------------------

REVISJONSMELDING 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Fjaler kommune, som er samansett av balanse pr. 31. desember 2011, driftsrekneskap som viser eit positivt netto driftsresultat på kr 7.780.770,91 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr. 2.049.859,93, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. 31.12.11, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheit eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

På grunnlag av vårt revisjonsarbeid er vår oppgåve å gje uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjøn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheit eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta,

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Fjaler kommune pr. 31. desember 2011 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk og god bokføringsskikk.

Utale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i vesentleg grad stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og for øvrig i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk og god bokføringsskikk.

Utan at det har verknad for våre konklusjonar ovanfor, vil vi komme med fylgjande presiseringar:

Investeringsrekneskapen for 2011, er gjort opp med manglande finansiering på kr. 572.838,17,- som kommunestyret må finne dekning for.

Vi minner om Økonomireglement pkt. 4.6 for Fjaler kommune om handsaming av ferdige prosjektrekneskap.

Hyllestad, 25.04.2011

Kommunerevisjonen
Teje Førde og Susnne Jord
Postboks 487, 6801 Førde
Teje Førde
revisjonssjef

Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Fjaler kommune
v/Rådmannen
Postboks 54
6961 Dale

Dyktar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\misleghaldtilsyn12/1f12	216	02 / 2012	6. januar 2012

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Fjaler Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Forde, Jølster, Naustdal, Gaular
Forde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Forde
Postboks 487, 6801 Forde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande partar, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Florø/Hyllestad, den 9. januar 2012

Med helsing



Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
(sign.)

Aud Marit Nyland Eide
Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren



FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kryss revisjon
Hafstadvegen 21

6800 FØRDE

07.02.12
06-2012
2/6
1424
7.2.

Vår ref.
10/1068-12/OLH
12/607

Dyktar ref.

Arkiv
K1-210

Dato:
19.01.2012

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for mislighald mv. Svar på brev datert 6.1.12

Viser til brev der de ber om skriftleg tilbakemelding på følgjande punkt:

- I. Rådmann si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast mislighald.
- II. Kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for mislighald i Fjaler kommune – inkludert eventuelle betydelege risiki for mislighald som er identifisert eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskapen, der det er sannsynleg at det ligg føre mislighald
- III. Kva eventuell kommunikasjon har rådmann med kommunestyret vedkomande slike prosessar
- IV. Kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- V. Om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktisk, mistenkte eller påstått mislighald i kommunen

Tilbakemelding på punkta:

Svar til punkt I

Etter rådmannen si vurdering kan han ikkje hevde at kommunen sitt rekneskap inneheld vesentleg feilinformasjon som skuldast mislighald.

Svar til punkt II

Kommunen har i dag reglement og retningsliner av førebyggjande art , m.a.:

1. Kommunen sitt økonomireglement
 - Rutinar for handtering av rekningar med attestasjon og tilvising
 - Kan ikkje tilvise eigne utgifter; næraste overordna gjer dette
2. Kommunen sitt innkjøpsreglement
 - Innhente tilbod også på mindre innkjøp
 - Utlysing av større prosjekt

Postadr.:
Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

Telefon: 57 73 80 00
Telefaks: 57 73 80 01
E-post: post@fjaler.kommune.no

Org.nr
864968422

Bankgiro:
3741 07 10103

Innbetaling skatt
6345 06 14299

- Medlem av felles innkjøpssamarbeid med Sogn og Fjordane fylke
- 3. Kommunen sitt finansreglement
 - Rammer og avgrensingar for finansforvaltninga
 - Fullmakter, instruksar og rutinar
- 4. Kommunen si personalhåndbok
 - Reglar for etisk adferd
- 5. Fullmakter og attestasjonar for disponering av kommunen sine bankkonti, sperrer i nettbankløyisingar
- 6. Kommunen sitt rekneskapssystem; avgrensingar i tilgang på tal og kven som har rett til å gjere utbetalingar, jfr bankkonti
- 7. Kommunen er forsikra mot underslag

Relevante reglement blir fortløpande oppdatert. I løpet av vinteren blir mellom anna økonomireglementet revidert. Den periodiske rapporteringa har som tidlegare nemnt blitt forbetra ved å ta innan kvar einskild sektor. Rapportering etter nytt finansreglement kan nemnast spesielt.

Svar på punkt III

I høve lover og retningslinjer knytta til temaet har vi fortløpande vurdering av behov og brukar deler av kommunestyre til informasjon og eller opplæring samt drøfting. Risiko og internkontroll er mellom anna tema i samband med økonomiplan på våren og budsjett på hausten. Eit viktig tema for 2012 er HMS og internkontroll. I løpet av våre skal det takast stilling til val av system som inkluderar både kvalitetssikring, risikovurderingar, informasjonstryggleik, avviksrapportering og intranettløyising.

Svar på punkt IV

Kommunen har etiske retningslinjer som alle kjenner til. Frå 2009 har dette vore ei årleg temaøkt på eit av månadlege tenesteiningsmøta. I samband med revisjon av personalhåndboka har denne vore til høyring og ny revidert utgåve vil bli endeleg handsama i løpet av våren 2012.

Svar på punkt V

Rådmann har ikkje kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påstått misleghald i kommunen.

Fjaler kommune kjem i tida framover til å auke fokuset på arbeid med internkontroll og kvalitetssikring.

Med helsing


Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055

028/12 PLAN FORVALTINGSREVISJON 2012 – 2015 - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.11.2012	028/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2016 – Fjaler kommune, datert 29. oktober 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 021/11 og 27/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Fjaler kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2012 - 2015- FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebo

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalsmøte 29.11.2012 i sak 027/12 ”Overordna analyse” vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontroll av lønsområdet i kommunen «All over» eller sektorvis.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar.
- «SUM» /Sunnfjord Miljøverk IKS.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå.
- Budsjettprosess/ fordeling av ressursar.
- «Korrekt handtering av din sak?»
- Oppfølging av vedtak i Fjaler kommune.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring?
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning.

- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenesteområder.
- Vurder IT/IKT samarbeid.
- Sjukefråveret
 - o Bruk av eigenmeldingar
 - o Fråværsregistreringar
 - o Personar på timelister.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2016.

Plan for forvaltingsrevisjon

Fjaler kommune

2012 -2015



FJALER KOMMUNE

-eit ape samfunn

Innhald:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og bystyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå bystyretsine vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med bystyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmende.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til bystyret etter gjeldande retningsliner.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultata av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

029/12: SELSKAPSKONTROLL – LUTELANDET UTVIKLING – FØRESPURNAD

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 20.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.10.2012	029/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SF revisjon – «Selskapskontroll av Lutelandet Utvikling AS og prosjektplan», datert 31.10.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 025/12 Plan for selskapskontroll Fjaler kommune.
- Kommunestyresak 093/10 Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune.
- «Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune» vedteken i kommunestyret 08.11.2010.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SELSKAPSKONTROLL – LUTELANDET UTVIKLING – FØRESPURNAD

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Førespurnad frå kontrollutvalet i fylkeskommunen om felles eigarskapskontroll inn mot Lutelandet Utvikling A/S

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjorde fylgjande vedtak i sak 12/7038-1:

- 1. Kontrollutvalet bestiller utføring av eigarskapskontroll av Lutelandet utvikling i samsvar med utfylt bestillingsskjema.*
- 2. Bestillinga vert gjort med atterhald om at fylkestinget vedtek Plan for selskapskontroll slik den ligg føre*
- 3. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS.*

I samband med den formelle bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen til SF revisjon, førespurde sekretariatet om SF revisjon kunne tenke seg å vere med på eit felles prosjekt der fleire av eigarane til Lutelandet utvikling AS er med.

SF revisjon stilte seg positiv til dette og sendte i brev til kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune den 31.10.2012 oversyn over tilleggstimar pr. kommune og eit samla kostnadsoverslag pr. kommune.

Kostnadsråma for selskapskontrollen for Fjaler kommune er 47 000 – 64 000,- basert på tilleggstimar pr. kommune.

Lutelandet utvikling AS er eit selskap som har som oppgåve å marknadsføre Lutelandet som industriområde. Selskapet arbeider med energiselskap, industribedrifter, teknologiutviklingsmiljø, og forskingsinstitusjonar for å få utvikla prosjekta som skal gi liv på Lutelandet.

Fordeling av egedelane i Lutelandet utvikling er slik:

Sogn og fjordane Fylkeskommune 48 %

Fjaler kommune 34 %.

Askvoll kommune 6%.

Hyllestad kommune 6%.

Solund kommune 6%.

Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Ifall kontrollutvalet ynskjer at Fjaler kommune skal delta i prosjektet, må saka handsamast i kommunestyret for å få midlar til prosjektet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kopi til: Kontrollutvala i kommunane Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund

Til
Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane
fylkeskommune

her

Selskapskontroll av Lutalandet Utvikling AS og prosjektplan

Viser til motteke bestilling av selskapskontroll av selskapet Lutalandet Utvikling AS. På bakgrunn av bestillinga har kontrollutvalet ytra ynskje om å få tilsendt ein overordna prosjektplan for gjennomføring av selskapskontrollen.

Vi har lagt ved prosjektplan for gjennomføring av kontrollen.

Reisetid er medrekna i timane. Jf. bestillinga har kontrollutvalet sett ei øvre økonomisk ramme på kr 100 000,- som vil utgjere om lag 125 timar. Dersom det gjennom prosessen syner seg at det vert behov for meir enn 125 timar vil vi ta kontakt med kontrollutvalet for nærare avklaring. Vi vil og ta kontakt med kontrollutvalet dersom det skjer uføresette ting som SF revisjon IKS ikkje kan påverke, og som fører til forseinkingar i forhold til oppsette plan.

Vi vil rapportere skriftleg i ein sluttrapport der innhaldet vil vere etterprøvbart. Sluttrapporten vil innehalde følgjande hovudkapittel:

- Innleiing
- Om selskapet
- Styret i selskapet
- Selskapets revisor
- Generalforsamlinga
- Eigarstyring
- Høyring
- Konklusjon og tilrådingar

Om eit eventuelt samarbeidsprosjekt:

I samband med den formelle bestillinga frå kontrollutvalet i fylkeskommunen fikk vi førespurnad frå sekretariatet ved Einar Ulla om SF revisjon kan tenke seg å vere med på eit felles prosjekt der fleire av cigarane til Lutalandet Utvikling AS er med. Vi har gjeve positiv attendemelding på førespurnaden. I tillegg til vedlagte prosjektplan som er sett opp i forhold til bestillinga frå kontrollutvalct i fylkeskommunen vil eit felles prosjektet medføre følgjande tillegg med omsyn til ressursbruk/timeforbruk per kommune:

Tilleggsarbeid per kommune:	
-besøk til kommunen inkl. reisetid:	8 – 10 timar
-innsamling av data:	15 – 20 timar
-analyse av data:	15 – 20 timar
-rapport del om eigarstyring:	10 – 15 timar
-møte i kontrollutvalet vedr. handsaming av rapport:	7 – 10 timar
Sum tilleggstimar per kommune:	55 – 75 timar

Med ein timepris på kr 850,- vil det samla kostnadsoverslag per kommune utgjere kr 47 000 - 64 000. Tilleggsarbeidet går på rutinane rundt eigarstyring i den einkilde kommune.

Alt rundt selskapskontrollen som gjeld selskapet Lutalandet Utvikling AS er dekket i vedlagte ressurs- og timeforbruk for kontrollutvalet i fylkeskommunen.

Vi vil gjere dykk merksam på at benchmarking av kommunane og fylkeskommunen ikkje er med i kostnadsoverslaget.

Ved eit eventuelt samarbeidsprosjekt må kontrollutvalet i fylkeskommunen og kommunane ta stilling til om dei vil ha kvar sin rapport eller om dei vil ha ein fellesrapport der alle kommunane i tillegg til fylkeskommunen og deira rutinar knytt til temaet Eigarstyring vil vere omtalt i rapporten. Eit samarbeidsprosjekt vil medføre ein del ekstraarbeid slik at ein må pårekna at det vil ta om lag to månader ekstra i tid før ein eventuell fellesrapport vil vere klar for utsending sett i forhold til vedlagte tidsplan

Med vennleg helsing


Marianne Vara
Dagleg leiar/kontrollør

Vedlegg:

- E-post frå sekretariatet vedr. førespurnad om felles prosjekt
- Notat – planlagt ressurs- og tidsbruk for gjennomføring av selskapskontroll jf. bestillinga frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Oppdrag: KU-vedtak av 01.10.2012, sak 32/12	Klientnr.	Arkiv:
Oppdragsgjevar: Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kontrollutvalet	Utarbeida dato/sign 31.10.2012/MV	År: 2011
Sak: Prosjektplan- Selskapskontroll: Lutalandet utvikling AS – Internt notat	Gjennomgått dato/sign.	Side: 1 av 2

Notat oversendt sekretariatet v/Einar Ulla jf. avtale.

Planlagt ressurs- og tidsbruk:

Hovudområde	Timar	Veker	Periode
Planlegging <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektplan • Oppstartsbrev • Oppstartsmøte • Kriteria 	10-15	$\frac{1}{2}$	Veke 45
Datainnsamling <ul style="list-style-type: none"> • Interne dokument • Eksterne dokument • Spørjeskjema • Intervju • Møter 	40-50	1-2	Veke 48, 49 og 50
Analyse <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av data/funn 	40-50	1-2	Veke 51, 01 og 02
Rapport <ul style="list-style-type: none"> • Verifisering • Databeskrivelse • Metodebeskrivelse • Høringsuttale • Sluttrapport 	20-30	1	Veke 03 og 04 Høring: Veke 06 og 07
Presentasjon kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> • Førebuing • Presentasjon 	5-10		Overlevering av rapport: 1. mars
Totalt forbruk	115-145	4-5	

Leikanger 31.10.2012

Marianne Vara
 Dagleg leiar/kontrollør

030/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 05.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.11.2012	30/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Fjaler kommune 2012 – 2015"

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Kommunestyresak 093/10 «Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune»
- Fjaler kommune – Eigarskapspolitikk som eigar i selskap.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Fjaler kommune for perioden 2012 – 2015 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebo

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Førde kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Fjaler kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

PLAN
FOR
SELSKAPSKONTROLL
2012 -2015



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

INNHALDSLISTE

- 1. Bakgrunn**
- 2. Innholdet i selskapskontrollen**
 - Heimel
 - Innsynsrett
 - Kva består selskapskontroll i
 - Organisasjonsformer for kommunale verksemder
 - Kommunale føretak
 - Interkommunalt samarbeid
 - Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt
 - Vertskommunesamarbeid
 - Interkommunalt selskap
 - Aksjeselskap(AS)
 - AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar
 - Samvirkeforetak ((SA)
 - Stifting
 - Val av organisasjonsform
- 3. Formålet med selskapskontroll**
 - Eigarskapskontroll
 - Forvaltningsrevisjon
 - Undersøkingar
- 4. Kommunen si oppfølging av selskap**
 - Eigarskapsstrategi for selskap Fjaler kommune eig eller er medeigar i.
- 5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen**
 - Gjennomføring – retningsliner
 - Rapportering
 - Oppfølging

Dokument ikkje vedlagt:

- 1. Kommunestyresak 093/10 «Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune»**
- 2. Fjaler kommune – Eigarskapspolitikk som eigar i selskap.**

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) ineresser i selskaper m.m., jf tilsvarande formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

<p>Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)</p>	<p>Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap.</p>
	<p>Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.</p>
	<p>Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.</p>

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. Kommunale føretak. KL kap 11.

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt foretak. Foretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. Interkommunalt samarbeid. KL § 27.

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. Interkommunalt samarbeid. KL § 27. Eige rettssubjekt

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. Vertskommunesamarbeid. KL §§ 28a, 28b og 28c.

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. Interkommunalt selskap (IKS). IKS- loven.

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. Aksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeoven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til foretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesoven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølv eigande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Kommunestyret har i sak 093/10 «Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune» den 08.22.2010 – gjort følgjande vedtak:

- 1. Framlegg til eigarskapspolitikk for Fjaler kommune blir vedteke.*
- 2. Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som er medeigar i blir vedteke.*

I del I av eigarmeldinga «Eigarpolitikk som eigar i selskap» omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for motiv og mål for offentleg eigarskap, krav retta mot eigar, kva krav ein stiller selskapet og kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla.

DEL 1 EIGARPOLITIKK

1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerar eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete forhold til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomiske utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap.

Det er og viktig at den enkelte representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar bevisst i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.

Ein eigarskapsmelding vil sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- *Finansielt motivert*
- *Politisk motivert*
- *Effektivisering av tenesteproduksjon*
- *Samfunnsøkonomisk motivert*
- *Regionalpolitisk posisjonering*

Viser elles til eigarmeldinga «Eigarskapspolitikk som eigar i selskap»

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresak 093/10 vert følgt opp.

Gjennomføring - retningslinjer

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at Retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane. Jf Kommunestyresak 093/10 «Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune».
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå egne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie det.

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring som kjem fram framom.

031/12 ORIENTERING TEKNISK SEKTOR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.02.2012	005/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Fjaler kommune – «Orientering teknisk sektor», datert 17.09.2012.
- Brev frå Fjaler kommune til SEKOM-sekretariat – «Oppfølging bruk av løyving til installering av dør ved sjukeheimen – Fjaler».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 024/12 «Orientering teknisk sektor»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING TEKNISK SEKTOR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om teknisk sektor generelt og om løyvingar til ny inngang ved Fjaler sjukeheim spesielt.

Saksopplysningar:

I Kontrollutvalssak 024/12 «Orientering teknisk sektor» i kontrollutvalsmøte 17.09.2012 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak.

*-Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om teknisk sektor.
-Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å få orientering om korleis ein ligg an i arbeidet med å få installert ny inngangsdør ved sjukeheimen. Dette med tanke på å følgje opp at løyvinga kommunestyret har gjeve til tiltaket vert nytta etter føresetnadane.*

Rådmannen er orientert om vedtaket i brev 17.09.2012

I brev den 25.09 frå Fjaler kommune til SEKOM-sekretariat – «Oppfølging bruk av løyving til installering av dør ved sjukeheimen – Fjaler», er det gitt ei skriftleg orientering om løyvinga til ny inngang ved Fjaler sjukehei, viser til vedlagt brev.

Rådmanne er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Fjaler kommune
Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

Førde, 17.09.12

Dykkar ref.: Vår ref: At Jnr.: 382/12 Arkiv: Fjaler

ORIENTERING OM TEKNISK SEKTOR

Kontrollutvalet i Fjaler heldt møte 17.09.12. Under møtet vart det teke opp sak om at kontrollutvalet ynskjer orientering frå rådmannen om teknisk sektor. Det vert i denne samanheng vist til kontrollutvalssak 023/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak, som var oppe i kontrollutvalet 06.11.2009, og til brev frå kontrollutvalet til Fjaler kommune om kontrollutvalsarbeid – tiltak, datert 06.11.2009.

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering (30 – 45 min.) om teknisk sektor. Aktuelle tema kan til dømes kan vere sektoren sine oppgåver, regelverk og retningsliner sektoren skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for sektoren og særskilte utfordringar sektoren står overfor internt og eksternt.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste møte i kontrollutvalet i Fjaler skal etter planen finne stad 29.11.2012. Dette møtet kan bli framskunda.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

FJALER KOMMUNE
Teknisk kontor

Sekom-sekretariat
v/Asgeir Tveit
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref.
12/856-2/AGG
12/7622

Dykkar ref.

Arkiv
K1-614, K2-H12

Dato:
25.09.2012

Oppfølging bruk av løyving til installering av dør ved sjukeheimen - Fjaler

Viser til dykkar brev datert 17.09.12 angående løyvingar til ny inngang ved Fjaler sjukeheim.

I budsjett for 2011 vart det sett av kr. 1 000 000,- til utbetring av kommunale bygg. Det vart utarbeid ei prioriteringsliste over tenkte tiltak som vart behandla og vedtatt i formannskapet den 29.03.11 - sak 034/11. Der ny inngang ved Fjaler sjukeheim fekk kr. 250 000,-, men dette arbeidet viste seg å vere meir omfattande enn først antatt. I budsjettet for 2012 vart det vedtatt å gje ei tillegsløyving på 350 000,- for å få gjennomført dette arbeidet.

Administrasjonen har henta inn prisar og håpar å få slutført dette arbeidet i løpet av 2012.

Vedlagt, sak. 034/11. Har dykk ikkje tilgang på budsjett for 2012, skal vi ettersende dette.

Med helsing

Åge Guddal
ingeniør

Direkte tlf: 57738060
Kopi: Edvin Bøthun, Ola Hovland

032/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	29.11.2012	032/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Fjaler.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 Fjaler vert teken til vitande

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21. september 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaufande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Fjaler.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Fjaler kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
23/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	06.11.09		06.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 06.11.09 Brev til Fjaler kommune - Orientering frå adm -tilsynsrapportar frå fylkesmannen -tertialrapportar -rapportar sjukefråvær -orientering frå revisor -kvalitetsrapportar vedr revisor.
020/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkostberekningar – VAR sektoren – tinging.	16.11.11		16.11.11 Vedtak KU: Tinginga for prosjektet "Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren" vert godkjent. - Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering. - KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 17.11.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon.
021/11 Overordna analyse.	16.11.11		16.11.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet tingar overorda analyse frå KRYSS-revisjon.
016/12 Godkjenning innkalling og sakliste	17.09.12		17.09.12: Vedtak KU – Ikkje merknader
017/12 Skriv og meldingar.	17.09.12		17.09.12: Vedtak KU – Det vert oppretta sak vedr SM 14/12: Vedtak kst sak 061/12 Årsrekneskapen 2011 Dingemoen idrettspark. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
018/12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – Kontroll av økonomistyringa – inntektsida	17.09.12		17.09.12 Vedtak KU: - Administrasjonen har effektuert merknadane kommunestyret hadde til forvaltningsrevisjonsrapporten «Kontroll av økonomistyringa – inntektsida». - Saka vert sendt kommunestyret til orientering. 17.09.12 s. kst
019/12 Bidsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet.	17.09.12		17.09.12 – Tilråding til kst. 17.09.12 s. kst.
020/12 Oppfølgingsliste 3-2013 – Fjaler.	17.09.12		17.09.12: Vedtak KU – - Det vert oppretta sak om å be om status i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet – Sjølvkostberekningar VAR sektoren. - Oppfølgingsliste 3-2012 Fjaler vert elles

			teken til vitande.
021/12 Eventuelt	17.09.12		17.09.12 – Vedtak KU - Det vert oppretta sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om teknisk sektor i neste møte.
022/12 Vurdering av formalitetar i framlagt årsrekneskap 2011 for DIP	17.09.12		17.09.12 – Vedtak KU – Kontrollutvalet ber Sekom sekretariat gjere ei vurdering av om formkrava var følgde i samband med avlegging av årsrekneskapen for Dingemoen idrettspark. Styret hadde ikkje underteikna rekneskapsdokumenta. 17.09.12 E-post til KRYSS.
023/12 Oppfølging av fv prsj Sjølvkostberekningar VAR sektoren	17.09.12		17.09.12 – Vedtak KU - - Kontrollutvalet ber Sekom sekretariat hente inn status i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. 17.09.12 E-post til KRYSS
024/12 Orientering teknisk sektor	17.09.12		17.09.12 Vedtak KU - - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om teknisk sektor. - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å få orientering om korleis ein ligg an i arbeidet med å få installert ny inngangsdør ved sjukeheimen. Dette med tanke på å følgje opp at løyvinga kommunestyret har gjeve til tiltaket vert nytta etter føresetnadane. 17.09.12 Brev til Fjaler kommune. 18.09.12 Prosjektplan frå KRYSS-revisjon.

Oppdatert 21.11.12.

033/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 21.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.11.2012	033/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.